

# Mot til å meina

## Sluttevaluering

Håvard Teigen

Utkast til kommentar,  
Februar 2012

## **Forord.**

Dette er ei sluttevaluering av prosjektet Mot til å meina. Prosjektet har hatt som siktemål å få opp valdeltakinga for ungdom under 26 år. Prosjektet har prøvd ut tiltak for å mobilisere dei unge både til å stemme ved kommunevalet i 2011, til å engasjere seg for å bli folkevalde.

Prosjektet har femna om tre kommunar i Rogaland, Time, Hjelmeland og Sauda.

Prosjektet er resultat av eit felles initiativ frå kommunane og Garborgsenteret. Også KRD er tungt inne i finansieringa av prosjektet noko som viser at det er ei målsetting å trekkje lærdom frå prosjektet også nasjonalt. I tillegg til kommunane og departementet, har også fylket/fylkesmannen, næringslivet, Landssamanslutninga for Nynorskkommunar, Ryfylkefondet, Jærmuseet, næringslivet og andre, vore med i finansieringa.

Eg takkar alle som har gjeve meg opplysningar til denne evalueringa. Eg vil spesielt nemne at prosjektleiaren for Mot til å meina, Einar Schibeavaag, har skrive ein utfyllande og detaljert rapport om prosjektet. Dei som er interessert i å gå nærare inn i detaljar og enkeltdelar av prosjektet, vil finne interessant materiale i hans rapport.

Lillehammer februar 2012

Håvard Teigen

# Innhald

## Forord

	<b>Side</b>
<b>Kap. 1. Samandrag</b>	<b>6</b>
Kort om bakgrunnen for prosjektet	
Målsettingane	
Arbeidsformer og økonomi	
Resultat	
Læring og oppfølging	
<b>Kap. 2. Kjenneteikn ved prosjektet</b>	<b>12</b>
Bakgrunn	
Målsettingar	
Organisering	
Finansiering	
Arbeidsmåte/ Aktivitetsplan	
Gjennomgåande aktivitetar/ hovudsatsingar:	
Geografisk avgrensing	
Andre nærslekta prosjekt	
Oppsummering	
<b>Kap. 3. Deltaking, ungdom og demokrati</b>	<b>19</b>
Historikk om stemmealder	
Utvikling i valdeltaking	
Grunngjevingar for demokrati	
Andre land, andre erfaringar	
Om departementsansvar og kommunane	
Ulike kanalar til deltaking og demokrati	
Deltaking og regional kontekst	

**Kap. 4. Teori/ Metode** Side  
26

Det kontrafaktiske problemet:  
Oppfinning – spreiring – innovasjon  
Kjernegruppa  
Entreprenøren  
Nettverk  
Mål- middel  
Nokre metodekonsekvensar  
Måleproblem

**Kap. 5. Mål- Middelanalyse** 34

Operasjonalisering av målsettingar  
Delmål:  
Delmål 1: Auke valdeltakinga med 10%-poeng:  
Delmål 2: 50% fleire på vallistene  
Delmål 3: Dobbelt så mange under 26 år i kommunestyra  
Verkemiddel (iltak) for å nå måla  
Partikanalen  
Styringsorgan som verkemiddel  
Kjernegruppe og spreingsstrategien  
Valkampanjen  
Valmobilisering  
Oppsummert: Målretting og verkemiddel

**Kap. 6. Resultat** 42

Delmål 1: Auka valdeltaking i gruppa 18-26 år  
Delmål 2: 50% auke i talet på listekandidatar 18-26 år  
Delmål 3: Dobbling av talet på kommunestyrerepresentantar  
Hovudmålet: Auke oppslutnaden ved valet, aldersgruppa 18-26 år  
Resultat utanom målsettingane  
Konferansane  
Skulesatsinga  
Førstevalet.no  
Mediesatsinga generelt  
Kjernegruppestrategien  
Oppsummering.

	Side
<b>Kap. 7. Etterpåklokskap: Læring og konsekvensar for framtidige prosjekt</b>	50
Kva kunne ha vore gjort annleis?	
Mål – Middel:	
Budsjett som styringsreiskap	
Kjernegruppestrategien	
Prosjektorganisasjonen	
Oppsummert	
<b>Litteratur</b>	57
<b>Vedlegg</b>	59

## Kap. 1. Samandrag

### Kort om bakgrunnen for prosjektet

Deltakinga ved val har gått ned i lang tid. Nedgangen har vore størst og valdeltakinga lågast ved kommune- og fylkestingsval. Spesielt har valdeltakinga vore låg blant unge veljarar. Denne utviklinga har uroa alle som vurderer demokratisk deltaking som viktig. Utviklinga er teke opp og analysert i forskingsrapportar, offentlege utgreiningar og politiske styringsdokument.

Dette er bakgrunnen og konteksten til prosjektet *Mot til å meina*. Prosjektet hadde som siktemål å mobilisere ungdom under 26 år til politisk deltaking ved kommunevalet i 2011. Prosjektet hadde pilotkarakter og omfatta tre rogalandskommunar: Time, Hjelmeland og Sauda. *Mot til å meina* var initiert av Garborgsenteret i samarbeid med dei tre kommunane. Desse var også saman om å bidra til å finansiere prosjektet saman med fleire andre lokale og regionale interessentar. Prosjektet vart unnfanga lokalt og er slik sett eit ”bottom up” prosjekt.

På den andre sida var ideen bak prosjektet fullt ut i samsvar med den problem og utfordringar som regjeringar og departement, spesielt Kommunal og regionaldepartementet (KRD), har vore opptekne med. Dette er med og forklarar at KRD løyvde pengar til prosjektet og vart den største einskildfinansjøren. Prosjektet vart altså unnfanga lokalt og velsigna sentralt.

Dei lokale initiativtakarane hadde opphavleg som siktemål at minst ein av kommunane i *Mot til å meina* skulle bli blant kommunane som prøvde ut stemmerett for 16 åringar ved kommunevalet i 2011. Slik gjekk det ikkje og *Mot til å meina* vart eit reint mobiliseringsprosjekt for å få unge til aktivisere seg ved valet. Prosjektet inviterte også Rogaland Fylkeskommune til å bli aktivt med i prosjektet med den grunngevinga at dette også er eit fylkestingsval. Det enda opp med at fylkeskommunen ikkje vart med på same måte som dei tre enkeltkommunane i fylket.

### Målsettingane

*Mot til å meina* formulert følgjande målsettingar:

Hovudmålet: Auke oppslutnaden ved valet i 2011, for aldersgruppa 18-26 år

Delmål:

- 10% fleire i gruppa 18-26 år skal nytte røysteretten
- 50% fleire i aldersgruppa under 26 år på listene
- Dobling av talet på kommunestyrerepresentantar under 26 år i kommunestyra

Prosjektet er kjenneteikna av klart formulerte målsettingar som i utgangspunktet er lette å evaluere. Målstrukturen er klar og lett operasjoniserbar. Det er likevel behov for å presisere målsettingane betre.

Det første delmålet må forståast som ei målsetting om å auke valdeltakinga med 10 prosentpoeng (til dømes frå 40% til 50%). Dette er isolert sett ei ambisiøs målsetting. Om ein auke på 10 prosentpoeng representerer måloppnåing er også avhengig av regionale og nasjonale utviklingstrekk og trendar.

Eg har valt å leggje til grunn at den beste målestokken er at valdeltakinga i desse tre kommunane blir 10 prosentpoeng betre enn region- og landsgjennomsnittet. Dersom valdeltakinga i denne aldersgruppa regionalt og nasjonalt går ned med 5 prosentpoeng vil målet i utgangspunktet vere nådd med "berre" 5 prosentpoeng vekst i valdeltakinga. Sjølv sagt blir det da omvendt om valdeltakinga i aldersgruppa skulle gå opp med 5 prosentpoeng på landsbasis. Da blir suksesskriteriet pluss 15 prosentpoeng i desse kommunane.

Delmålet 50% fleire i aldersgruppe under 26 år på listene er eit mål som berre må korrigerast med endringar i talet på listekandidatar totalt sett i høve til valet i 2011. Det er naudsynt med listekandidatar for å kunne oppnå delmål tre, fleire inn i kommunestyret, men det viktigaste er at listekandidatane er kumulert, står høgt oppe på listene, eller i det minste er på listene til parti som kan oppnå å kome inn i kommunestyret.

### Organisering

Dette var eit treårig prosjekt. Prosjektet har vore organisert med eit styre for heile prosjektet. To av dei tre kommunane (Time og Sauda) er representert i styret med ordførarane sine. Time kommune har enda ein representant. Hjelmeland har ingen representant i styret for prosjektet.

I tillegg til kommunane var Landssamanslutninga for nynorskkommunar, Senterungdomen i Rogaland og ungdomsansvarleg i Fagforbundet med i styret for prosjektet.

Styringsgruppa hadde 4-5 styremøte i året, til saman 13, og styret var også representert på andre aktivitetar. Prosjektleiaren var sekretær for styringsgruppa.

Prosjektet var elles organisert gjennom det som vart kalla "*ei kjernegruppe*". Denne kjernegruppa stod heilt sentralt i prosjektet og hadde sin basis i tre "*kjerneskular*": Sauda vidaregåande skule, Strand vidaregåande skule og Bryne vidaregåande skule. Det var desse kjerneskulane som fann plukka ut elevar til kjernegruppa. Dei vart rekruttert frå første klasse slik at dei gjekk i tredje klasse og hadde stemmerett ved valet. Det var 5 elevar frå kvar skule. Av desse 15 fall 4 frå under vegs.

Denne kjernegruppa stod heilt sentralt i prosjektet, både ved at aktivitetane i stor grad var kanalisert gjennom gruppa, og ikkje minst ved at det var eit siktemål at dette skulle vere ei ressursgruppe som gjennom å representere ungdommen og kjenne til kva som rører seg i ungdomsgruppa, også hadde fullmakt til å foreslå endringar i opphavleg prosjektplan.

### Arbeidsformer og økonomi

Prosjektet starta opp med ei inntektsramme på kr 4 115 000 likt fordelt over tre år, 2009, 2010 og 2011. Den største løyvinga kom frå KRK med 2 millionar, resten var fordelt med løyvingar på mellom 300 000 og 450 000 frå Ryfylkefondet, prosjektkommunane, fylkeskommune/ fylkesmann, næringslivet og Jærmuseet. LNK sitt finansielle bidrag var på 180 000.

Opphavleg prosjektplan som var grunnlag for finansieringa av prosjektet, var kjenneteikna av klassiske element som

- debattmøte
- konferansar
- bruk av aviser
- annonsering, plakatar

I løpet av prosjektperioden skjedde ei rivande utvikling med omsyn til bruk av sosiale media. For prosjektet Mot til å meina fekk det mellom anna som konsekvens at prosjektet tok initiativ til utvikling av ein Facebook-tufta kommunikasjonsstrategi for å nå målgruppa.

Denne strategien var tufta på utvikling av eit nytt (og innovativt produkt) utvikla av eit konsultentselskap etter konkurranse. Produktet vart kalla Førstevalet.no. Ideen går ut på å vise omverda ("dine venner") kva du er oppteken av og går inn for å endre gjennom politisk engasjement. Dette vart teke i bruk av prosjektet (ikkje minst kjernegruppa), men alle dei politiske ungdomspartia var også inviterte til å ta det i bruk, noko fleire av dei gjorde på ein aktiv måte.

Førstevalet.no var kostbart å gjennomføre og det var naudsynt med tilleggsfinansiering. Tilleggsfinansieringa kom ikkje heilt i mål, men kom likevel så langt at ideen kunne prøvast ut.

I tråd med konseptet for heile prosjektet, var det kjernegruppa som valde denne kommunikasjonsstrategien.

Både denne bruken av Facebook, oppkoplinga mot LNK, to nasjonale konferansar og den aktive bruket av nettstadane Magasinett.no og Framtida.no viser eit spesielt kjenneteikn ved prosjektet. Det er at sjølv om det tok utgangspunkt i, og har målsettingane knytt til, tre kommunar i Rogaland – er fleire av dei tunge aktivitetane og kanalane nasjonale, men med eit tyngdepunkt retta mot det nynorske kjerneområdet.

## Resultat

Alle prosjekt vil ha både planlagde og ikkje planlagde resultat og konsekvensar. Dei planlagde vil ofte vere formulert som målsettingar. Slik er det også i dette prosjektet. Det som kjenneteiknar Mot til å meina er at prosjektet heile vegen har hatt målsettingar som ikkje er eksplisitt formulerte. Eg vil derfor skilje mellom eksplisitte og implisitte målsettingar.

Dei tre eksplisitte målsettingane er alt presentert.

Den første av desse var målsettinga om ein vekst på 10 prosentpoeng i valdeltakinga for gruppa under 26 år. Dette vart overoppfylt i Sauda med ei imponerende valdeltaking og ca 40 prosentpoeng auke i valdeltakinga. Time hadde også ein sterk vekst med ca 20 prosentpoeng. I Hjelmeland var det ein vekst i valdeltakinga på ca 10 prosentpoeng, men det var ein auke allment i valdeltakinga i heile landet i denne aldersgruppa. Målsettinga vart derfor ikkje heilt nådd for Hjelmeland, spesielt i lys av at det var allmenn mobilisering i kommunen og at det var ein vekst i valdeltaking på 10 prosentpoeng generelt. Konklusjonen er at målsettinga ser ut til å vere nådd for to av tre kommunar, men at resultatet også er bra for den tredje kommunen. Kor godt resultatet er vil vise seg når vi ser dei offisielle tala for valoppslutninga i heile Rogaland fylke og i landet.

Delmålsetting nummer to, var 50% auke i listekandidatar i målgruppa. Dette delmålet vart nådd i Hjelmeland og Sauda, men ikkje i Time. Auken frå 2 til 7 kandidatar i Hjelmeland er langt betre enn målsettinga. Auken i Sauda frå 5 til 9 er spesielt bra når ein tek omsyn til at også nivået var høgt i høve til andre både i 2007 og 2011.

Time har på den andre sida den langt beste representasjon av denne aldersgruppa i 2007 og ligg også høgre enn høgre enn Hjelmeland i 2011. Time har det same talet kandidatar i aldersgruppa ved baa vala, men det er likevel ein prosentvis auke på grunn av at det totale talet på listekandidatar har gått ned.

Også i Rogaland auka talet på listekandidatar i denne aldersgruppa medan det faktisk er ein liten nedgang i landsmålestokk. Sett i lys av landsgjennomsnittet nådde prosjektet delmåla med god margin i to av kommunane. Den tredje kommunen gav også tilfredsstillande resultat sett i lys av det høge i utgangspunktet.

Den tredje delmålsettinga var dobling av talet på kommunestyre-representantar. Dette var ei noko uheldig formulert målsetting på kommunenivå i og med at Hjelmeland ikkje hadde nokon kommunestyre-representant i denne aldersgruppa ved valet i 2007.

Hjelmeland fekk 1 kommunestyrerepresentant under 26 år ved valet i 2011. Time mista den eine representanten dei hadde og Sauda auka frå 1 til 2. Delmål 3 er ikkje nådd i Time kommune og delmålet er heller ikkje nådd for

dei tre kommunane samla. Også i heile Rogaland fylke og nasjonalt kom det inn markert fleire kommunestyrerepresentantar i denne aldersgruppa. Det er derfor berre Sauda som når dette delmålet på ein eintydig måte, men her er resultatet framifrå også når ein samanliknar med fylket og landet.

### Læring og oppfølging

*Mot til meina* sette seg realistiske mål. Den målsettinga som kan evaluerast med størst sikkerheit, er målsettinga om auka valdeltaking i målgruppa. Her er målsettinga oppnådd med god margin i to av dei tre kommunane, men i den eine av dei, Sauda, er resultatet så oppsiktsvekkjande godt at det er grunn til å gå nærare inn på dette i ettertid. Også nokre av 16-års stemmerettkommunane har slikt oppsiktsvekkjande resultat. Mitt forslag er at departementet tek initiativ til ei gransking for å finne ut kva som var grunnlaget for suksess i dei beste kommunane, Sauda inkludert.

Dei to andre måla i dette prosjektet er innfridd i større og mindre grad, men det er viktig å understreke at sjølve den kvantitative måloppnåinga kan vere tilfeldig og uavhengig av prosjektet. Målsettinga om å auke talet på listekandidatar enda opp med til saman ni fleire listekandidatar i dei tre kommunane, men ein auke på ni av til saman 500 listekandidatar er innafor det som kan kallast naturlege og tilfeldige svingingar frå val til val.

At ein kommune som før ikkje hadde nokon kommunestyrerepresentant i målgruppa, får inn ein – kan også vere tilfeldig. Det same er auke på ein representant og fråfall av den eine representanten i dei to andre kommunane.

Kunnskap på individnivå gjer at vi i dette prosjektet veit at nokre av resultatata var direkte knytt til prosjektet, men nettopp at vi må finne forklaringane på individnivå illustrer det som vi har kalla det kontrafaktiske problemet: at vi ikkje veit korleis resultatet hadde vorte utan dette prosjektet. Kanskje hadde det kome inn ein representant ekstra likevel, men eit anna individ? Det er dette som blir kalla fortrengingseffekten ved slike verkemiddel.

Det er tre vanlege fasar eller tidspunkt for formell eller reell evaluering av eit slikt prosjekt: Oppstartevaluering, undervegsevaluering og sluttevaluering. Som så mange andre prosjekt, har også dette prosjektet berre hatt formalisert undervegsevaluering og sluttevaluering.

Oppstartevalueringa er knytt at interessantar blir invitert til å vere med å finansiere prosjektet. Den opphavlege prosjektplanen som var grunnlag for finansieringa, synleggjorde fleire tunge verkemiddel/ tiltak som ikkje var knytt opp til målsettingane for prosjektet. Dei som vart invitert til å finansiere prosjektet såg dette, og likte truleg tiltaka. Dette var tiltak som i stor grad hadde regional og nasjonal spreiningseffekt. I ettertid er da også dette viktige resultat frå prosjektet. I denne første fasen skulle likevel målstrukturen i prosjektet vorte tilpassa tiltaka og ressursbruken. Spesielt departementet bør lære av dette i ettertid.

Eit anna spørsmål knytt til oppstarten av prosjektet, er om prosjekt som er såpass store (ca 4 mill) burde byggje på eit forprosjekt som kartlegg nåsituasjonen godt både som grunnlag for målsettingar og prosjektorganisering. Eit slikt forprosjekt ville truleg ha fått fram ei meir presis og betre formulering av målsettingane slik eg har argumentert for i denne evaluering, betre samanheng mellom mål og verkemiddel og også tiltak med konsekvensar for prosjektorganiseringa. Til dømes ville eit forprosjekt som viste at 18-19 åringane har høg valdeltaking i høve til resten av målgruppa for prosjektet (alle under 26 år) stimulert ein diskusjon om det var lurt å sette saman ei kjernegruppe som er mest direkte retta mot 18-19 åringane og satsing på vidaregåande skular med elevar som også er i den aldersgruppa som historisk har høg valdeltaking.

## Kap. 2 Kjenneteikn ved prosjektet

Grunnlaget for prosjektet vart lagt gjennom initiativ frå Garborgsenteret (del av Jærmuseet). Dei gjekk i allianse med Time kommune, Landslaget for lokalaviser (LLA) og Landssamanslutninga for nynorskkommunar.

### Bakgrunn:

Deltakinga i val har gått ned i Norge over lenger tid. Lågast er valdeltakinga ved kommune- og fylkesval. For å unngå at denne trenden held fram og blir forsterka er det viktig å få opp valdeltakinga for nye generasjonar av veljarar. Dette er ei problemstilling fleire regjeringar har vore opptekne av. Departement har teke initiativet fleire initiativ og sett i gang utgreiingar der deltaking i samfunnet frå ungdommen i vid meining av ordet har vore det viktige, men med deltaking ved val som eit viktig element (Fauske & co (2009), St. meld. Nr. 33 (2007-2008) NOU 2011:20)

Dette er den breie bakgrunnen for at Time kommune, Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Landslaget for lokalaviser (LLA) våren 2008 starta samtalar som skulle ende opp i prosjektet *Mot til å meina*. Prosjektet vart utvikla til femne kommunane Hjelmeland og Sauda i tillegg til Time. Prosjektet retta seg mot ungdom under 26 år og målsettinga var å mobilisere ungdom inn på listene, fram til valurnene og som medlemmar av kommunestyra ved valet hausten 2011.

Garborgsenteret har vore ein viktig aktør, jamvel entreprenør, for å realisere prosjektet *Mot til å meina*. Garborgsenteret, lokalisert i Bryne, har peika ut ungdom i alderen 15-25 år som ei spesielt viktig målgruppe for senteret. Time tok initiativet til etableringa av det nasjonale Garborgsenteret og dette prosjektet inngår naturleg i hovudstrategien til senteret. Departementet ville ha kommunal organisering av prosjektet og Time kommune tok på seg ansvaret på vegne også av dei to andre prosjektkommunane.

Den tredje viktige aktøren i dette prosjektet er Kommunal- og Regionaldepartementet (KRD). Det er KRD som gjennom løyvinga til prosjektet, gjorde at det kunne iverksettast. KRD har eit generelt ansvar for kommunane og dei har også følt eit spesielt ansvar for kommunane som demokratiske organ der deltaking ved kommuneval er spesielt viktig. Prosessen fram til løyving viser at dette prosjektet også vart sett på som spesielt viktig for den politiske leiinga. Politisk nivå var med og løyste ut prosjektet.

I tilsegnsbrevet frå KRD (13. januar 2009) formulerer departementet eigne grunngevingar og føresetnader for å gje støtte til prosjektet. Dei la sterk vekt på evaluering og dokumentasjon frå prosjektet for på den måten å kunne trekkje lærdom til bruk i ettertid.

Departementet skriv også at ”Det vert forventa at alle resultat frå prosjektet kan gjerast offentleg tilgjengelege, gjerne at rapportar og liknande kan leggast ut på departementet sine nettsider.”

Departementet ”forventa” også at Time kommune og dei andre prosjektkommunane skulle delta i formidling av resultatane frå prosjektet i ymse samanhengar.

### Målsettingar:

Prosjektet har formulert følgjande målsettingar:

Hovudmålet: Auke oppslutnaden ved valet i 2011, for aldersgruppa 18-26 år

Delmål:

- 10% fleire i gruppa 18-26 år skal nytte røysteretten
- 50% fleire i aldersgruppa under 26 år på listene
- Dobling av talet på kommunestyrerepresentantar under 26 år i kommunestyra

Prosjektet er kjenneteikna av klart formulerte målsettingar som i utgangspunktet er lette å evaluere. Målstrukturen er klar og lett operasjoniserbar. Det er likevel behov for å presisere målsettingane betre, noko vi skal kome tilbake til i kapitlet om mål-middelanalyse.

Prosjektet er til ein viss grad prega av målforskyving. Det var meininga at minst ein av desse kommunane også skulle bli pilotkommune for utprøving av 16 års aldersgrense for valdeltaking. Berre ein av kommunane søkte om å bli prøvekommune (Hjelmeland) og denne kommunen vart ikkje plukka ut. Eit viktig konsekvens av dette, var at dette prosjektet vart lauskopla frå det store nasjonale prosjektet der 20 kommunar vart plukka ut for å prøve ut stemmerett for 16-åringar.

### Organisering

Prosjektet har hatt ei styringsgruppe med ordføraren i Time kommune som styreleiar. Time kommune har også vore rekneskapsfører for prosjektet. Styret har hatt denne samansettinga:

- Arnfinn Vigrestad, ordfører i Time kommune. Styreleiar.
- Laura Seltveit, ordfører i Sauda kommune
- Vidar Høviskeland, leiar i LNK
- Marit Jacobsen, leiar i Senterungdomen, Rogaland
- Tone Storsætre, valansvarleg i Time kommune
- Kim Eide (Kari Anne Stokdal) ungdomsansvarleg i Fagforbundet

Styret har hatt 4-5 styremøte i året og har også vore med på konferansane og på enkelte tilstellingar med kjernegruppa.

Organiseringa av prosjektet var opprinneleg slik at Garborgsenteret hadde prosjektleinga ved prosjektleiar Einar Schibevaag. Da han slutta på senteret, var det semje om at han framleis skulle halde fram som prosjektleiar.

Det spesielle ved organiseringa av prosjektet, er bruken av ei kjernegruppe. Dette er uttrykt slik i eigenevalueringa (Schibevaag 2011) ”Grunnlaget for prosjektet var at kjernegruppa skulle peikast ut mellom elevar ved tre vidaregåande skular”. Dette vart gjort slik at kvar skule skulle finne fem elevar frå 1. klasse. Av desse 15 fall 4 vekk undervegs. Desse vart ikkje supplerte. Kjernegruppa vart derfor på 11 elevar.

### Finansiering

Prosjektet starta opp med ei inntektsramme på kr 4 115 000 likt fordelt over tre år, 2009, 2010 og 2011. Den største løyvinga kom frå KRJ med 2 millionar, resten var fordelt med løyvingar på mellom 300 000 og 450 000 frå Ryfylkefondet, prosjektkommunane, fylkeskommune/ fylkesmann, næringslivet og Jærmuseet. LNK sitt finansielle bidrag var på 180 000 (Fullstendig oppstilling av budsjettet, sjå Schibevaag 2011).

I budsjettet er løn/honorar største kostnadsposten med 1.2 millionar, informasjons- og marknadsføringskostnader er på 900 000 og innkjøp av (konsulent)tenester er kroner 500 000, oppstart- og evalueringskostnader kroner 450 000 og konferanse og samlingskostnader kroner 325 000. Reiser er budsjettet til kroner 250 000.

Kostnadssida i budsjettet skal seie mykje om kva som kjenneteiknar aktiviteten i prosjekta, men som vi vil sjå under neste avsnitt om arbeidsmåte er budsjettet i liten grad eit aktivitetsbudsjett. Det ein merkar seg er likevel stor satsing på informasjon og marknadsføring og konferansar. Konsulenthonorara er betydelege (500 000), men med kjennskap til timeprisane i konsulentbransjen er det klart at den langt største timeinnsatsen er planlagt gjort av tilsette i prosjektet (1.2 millionar).<sup>1</sup>

### Arbeidsmåte/ Aktivitetsplan

Gjennomførings- eller aktivitetsplanen for prosjektet er organisert kronologisk på den måten at det er skissert kva for aktivitetar som skal skje kvart halvår frå oppstart andre halvår 2008 til og med andre halvår 2011. Denne gjennomføringsplanen er vedlagt (Vedlegg I).

Her vil eg reorganisere denne gjennomføringsplanen i gjennomgåande aktivitetar eller hovudaktivitetar. Dette gjer det lettare å bruke aktivitetsplanen til analyseformål når eg i slutten av evalueringsrapporten skal trekkje slutningar om kva det kunne ha vore satsa meir eller mindre på.

---

<sup>1</sup> Fullstendig budsjett ligg i Schibevaag 2011.

## Gjennomgåande aktivitetar/ hovudsatsingar:

- **Erfaringsinnhenting**
  - erfaringar frå andre land (1. halvår 2009)
  - kartlegging av stortingsvalserfaringar (2. halvår 2009)
  
- **Nettløysingar/ Diverse infokampanjar (og marknadsføring)**
  - oppretting av nettstad for informasjon, borgarjournalistikk osv (1. halvår 2009)
  - informasjonskampanje knytt til at det er mindre enn 1 år til nominasjonsmøta (1. halvår 2010).
  - Utarbeiding av rettleiingsmateriell for den unge veljaren (2. halvår 2010)
  - Utarbeiding av pedagogisk opplegg for å vise dei unge korleis valet verkar (2. halvår 2010).
  - Informasjonskampanje om nominasjonane gjennom redaksjonell omtale og annonsar (2. halvår 2010/ 1. halvår 2011)
  - Informasjonskampanje for å få dei unge til å nytte røysteretten. Redaksjonelt materiale og annonsar (1. halvår 2011)
  
- **Tiltak i høve til ungdomsskule/ vidaregåande skule**
  - samling av pedagogisk personale i skulane. Motivasjon av lærarane. (1. halvår 2009)
  - Pedagogisk opplegg om unge sin rolle i lokaldemokratiet (2. halvår 2009).
  - Kvifor skal eg bry meg. Samling av elevane i vidaregåande skule og ungdomsskulen i dei tre kommunane (1. halvår 2010).
  - Korleis kan eg påverka? Samlingar på dei tre vidaregåande skulane av elevane i vidaregåande skule og ungdomsskulen i dei tre kommunane (1. halvår 2011).
  
- **Tiltak i høve til media**
  - samling av aviser. Motivering til journalistikk overfor yngre veljarar og presentasjon av prosjektet
  - lesarbrevforma som ytringsform, del av det pedagogiske opplegget for ungdomsskolen (2. halvår 2009).
  - Lokalavisa si rolle i valkampen. Kurs for journalistar med fokus på lokaldemokratiet
  
- **Debattemøte/ konferansar**
  - Opne debattmøte. Kjernegruppa skal utfordrast til å laga opne debattmøte i sin kommune (1. halvår 2009). Heile klassa dei representerer skal dragast med i arrangementet.
  - Nasjonal konferanse arrangert i Stavanger (1. halvår 2010).
  - Nasjonal konferanse arrangert i Oslo (1. halvår 2011).
  
- **Politiske parti/ valstyra**
  - samling for å orientere partia i kommunane (1. halvår 2009)
  - møte med valstyra for å motivere dei til å arbeide for høg valdeltaking (1. halvår 2010).
  - møte med valstyra om terskelsenkande tiltak for unge å få unge til å

møte i vallokala, sikra deltaking frå unge som er studentar osv (1. halvår 2011)

- **Valkamp og mobilisering**

- Valkampduell med tema som spring ut av eigen kvardag (2. halvår 2011)
- Bruk av nettet.
- Få dei unge til vallokalet. Bruk av tekstmelding.
- Eit møte med dei som vart valt inn i kommunestyre – fylkesting

\*\*\*

Dette var den førebelse gjennomføringsplanen. Dei sentrale aktørane i gjennomføringa skulle vere

- Styringsgruppa
- Prosjektleiinga
- Kjernegruppa

Fordi kjernegruppa av ungdomar sjølv skulle kunne forme prosjektet, var gjennomføringsplanen ikkje spikra i detalj. Kulepunkta ovanfor er likevel meir allmenne namn på aktivitetar som kunne fyllast på ulikt vis og med ulik vektlegging. Kjernegruppa skulle ha ei sentral rolle i dei fleste aktivitetane på denne lista.

Midtvegsevalueringa viste at prosjektet så å seie utan unntak hadde gjennomført alle dei tillyste og budsjetterte aktivitetane fram til da.

\*\*\*

Aktivitetsplanen er kjenneteikna av

- mange nett- informasjons- og marknadsføringstiltak. Mange av desse går gjennom kanalar som ikkje berre treffer dei tre tiltakskommunane som det er målsetting for i dette prosjektet.
- det er mange aktivitetar i knytt til vidaregåande skule og ungdomsskule. Fleirtalet av dei som prosjektet kom i kontakt med her, hadde ikkje stemmerett ved valet.
- Dei tunge og store møta og konferansane (utanom dei som var på dei vidaregåande skulane) retta seg meir mot ein nasjonal arena enn målgruppene for prosjektet.
- Mediaretta aktivitetar har eit større omfang enn det ein får inntrykk av gjennom denne oversikta. Grunnen til dette er at ”medieopplæring” var det dominerande innslaget i mange av samlingane som kjernegruppa hadde. I dei 4 første av 8 samlingar i kjernegruppa (Schibevaag 2011, s 16-19) var mediekunnskap dominerande, men det var også større og mindre innslag på dei andre samlingane.
- Det er påfallande liten aktivitet retta mot partia, også den indirekte vegen gjennom valstyra stoppar opp første halvår i 2011. Det er få planlagte tiltak under sjølve valkampen.
- Analysen av prosjektplanen og erfaringane så langt gjorde at eg i

midtvegsrapporten peikte på følgjande som styringsgruppa kunne vurdere å endre:

- tiltak for i større grad å nå heile målgruppa, også dei mellom 19 og 26 at kommunane må bli meir aktive eigarar, t.d. gjennom synleggjering på heimesidene
- at departementet samordnar nasjonalt for å sikre spreining utover dei tre kommunane, spesielt i høve til 16-års stemmerett prosjektet
- legging av ein ny/ revidert plan for å nå partia og påverke oppsetting av listene, t.d. å opprette ei referansegruppe med medlemmar frå alle parti som stiller til val i dei tre kommunane

### Geografisk avgrensing

Det er i prosjektsøknaden og prosjektleiar sine egne evalueringar ei eksplisitt grunngiving for å velje tre kommunar i same fylke. Grunngivinga er praktiske knytt til geografi, organisering og reise, men også at prosjektet retta seg mot eit val som både er fylkestings- og kommuneval. I starten hadde prosjektet også tankar om å knyte målsettingar til fylkestingsvalet, men dette fall vekk – truleg med den hovudgrunngivinga at sjølv ei ekstremt vellykka måloppnåing i dei tre prosjektkommunane i seg sjølv ikkje kunne vere tilstrekkeleg til å påverke fylkesvalet.

Grunngjevingane for valet av nettopp desse tre kommunane blant alle moglege Rogalandskommunar er gjort av prosjektleiar Schibevaag 2011). Time tok initiativet. Denne kommunen er ein vekstkommune og det viktige var å finne to kommunar som skilde seg frå Time. Det som vart trekt fram om valet av Hjelmeland var at kommunen er landkommune og med stabilt folketal. Om Sauda vart det tilsvarende lagt vekt på at det har vore sterk folketalsnedgang, men også at det har vore ein kommune dominert av eit parti (Arbeidarpartiet).

Prosjektet har målsettingar for tre kommunar, men som førre avsnitt (om arbeidsmåte) viser, så finn vi ikkje den same avgrensinga her. Den breie mobiliseringa er knytt både til region og nasjon, mellom anna med to nasjonale konferansar og medietiltak som femna langt vidare enn dei tre prosjektkommunane. Dei tunge samarbeidspartnarane, LLA og LNF har også nasjonale nedslagsfelt. Dette gjeld også andre kanalar som det vart satsa på, til dømes Startside.no.

### Andre nærslekta prosjekt

Mot til å meina var eitt av fleire prosjekt for å få ungdom til valurnene ved kommunevalet i 2011. KS hadde sit eige opplegg noko som dei brukte som grunngiving for ikkje å ta del i Mot til å meina. Landslaget for lokalaviser (LLA) hadde eit relativt omfattande prosjekt for å bruke lokalavisene til føremålet. Dette var ei grunngiving for å vere positive til, og for å samarbeide med Mot til å meina. Landssamanslutninga for nynorskkommunar (LNK) var

direkte medeigar i Mot til å meina. Dei brukte dette prosjektet som ei av fleire kjelder til å motivere til valdeltaking i nynorskkommunane.

Det mest nærslekta prosjektet var likevel utprøvinga av 16 års aldersgrense i 20 kommunar. Det var nærslekta på to måtar. For det første hadde initiativtakar til Mot til å meina (Garborgsenteret) opphavleg sett for seg at kommunane i prosjektet skulle bli blant kommunane som prøvde ut 16 års aldersgrense. Det enda opp med at verken Time eller Sauda ville vere med på 16-årsprosjektet. Hjelmeland søkte om å bli med, men vart ikkje utvald. For det andre er 16-årsprosjektet mest nærslekta fordi KRD er den dominerande prosjekteigaren for baa prosjekta. Dei har vore i stand til å stille krav til baa prosjekta og dei har hatt høve til å påverke om prosjekta skal samordnast eller vere to heilt uavhengige prosjekt.

### Oppsummering:

Prosjektet har klart formulerte mål. Dersom vi ser på dei einskilde tiltaka og aktivitetane i prosjektplanen og kallar desse for verkemiddel, er det etter teorien slik at verkemidla bør settast inn mest mogleg direkte for å nå måla.

Denne prosjektplanen er kjenneteikna av mange tiltak som i beste fall har indirekte effekt på måla. Det store eksempelet på dette er dei nasjonale konferansane.

Kjernegruppestrategien er spesielt interessant i mål- verkemiddelanalysen. Kjernegruppa tilhøyrer målgruppa, men er i seg sjølv eit indirekte tiltak for å nå heile målgruppa. Dette medfører at det er kjernegruppa sine aktivitetar som må analyserast for å finne ut om strategien har vore målretta. Kjernegruppa har altså ein slags mellommannsfunksjon.

Eit hovudinstrykk er at mangelen på samsvar mellom mål og tiltak, skriv seg frå at alle aktørane implisitt har tenkt at dette prosjektet også skal ha spreiiingsverknader for andre enn dei tre kommunane. LNK vil til dømes ha spreiiingseffektar til alle nynorskkommunar i landet og KRD er interessert i spreiiingseffekt til heile landet med konferansane som ein hovudstrategi for å kunne nå heile kommune-Norge.

### **Kap. 3. Deltaking, ungdom og demokrati**

*Mot til å meina* var tenkt å inkludere kommunar som skulle prøve ut stemmerett for 16-åringar. Slik vart det ikkje, men prosjektet vart likevel finansiert og gjennomført. Føremålet vart for å få ungdom til valurnene og til å engasjere seg i lokalpolitikken. Bakgrunnen for dette engasjementet både gjennom lokalt initiativ og departemental vilje til finansiering, er ei langtidsutvikling med mindre valdeltaking. Denne langtidsutviklinga finn vi både ved stortingsval og kommuneval, men nedgangen i valdeltaking har vore størst ved kommuneval.

Ser vi på valdeltaking etter alder, er valdeltakinga lågast blant dei unge. Dette er isolert sett ein grunn til tiltak for å få opp valdeltakinga for denne gruppa, men dei unge er også viktigast for å sikre høg valdeltaking på sikt. At dei yngste er viktigast på sikt skriv seg ikkje berre frå dei heilt openberre demografiske forklaringane, men også at det å stemme er ein "vane". Sjølv om valdeltakinga aukar med aukande alder også om vi følger dei same personane over eit livsløp, er det slik at det er større sannsynlegheit for å halde fram med stemmegjeving seinare i livet dersom ein har funne vegen til valurnene som ung. (Franklin 2004)

Stemmerett for 16-åringar kan redusere den allmenne valdeltakinga ytterlegare på grunn av faren for at dei dreg ned gjennomsnittet. Det er derfor dei langsiktige, positive konsekvensane for den samla valdeltakinga som er eit hovudsiktemål ved 16-årsprosjektet i tillegg til argumenta for at så unge bør kunne ha stemmerett uavhengig av argumentasjon elles.

*Mot til meina* er eit prosjekt der det derimot er samsvar mellom kortsiktige og langsiktige målsettingar. Høgre valdeltaking og betre representasjon vil påverke valdeltakinga positivt i prøvekommunane. Auka engasjement ved valet i 2011 er det kortsiktige. På lenger sikt får prosjektet verknad dersom positive (og for så vidt også negative) erfaringar kan spreiest til resten av landet.

#### Historikk om stemmealder

Stemmeretten, inkludert nåverande aldersgrense på 18 år, er grunnlovsfesta (§ 50). Grunnlova av 1814 sikra ikkje allmenn stemmerett. Først var det berre menn, og i all hovudsak menn med eigedom, som hadde stemmerett. Så vart dette utvida slik at alle menn over 25 år fekk stemmerett frå 1889 og kvinner frå og med 1913 (kvinneleg stemmerett frå 1910 ved kommuneval). Men sjølv etter at kvinnene fekk røyste, var ikkje stemmeretten ålmenn. (Bäck, Offerdal og Aars 2005, Ødegård og Aars 2011)

Ålmenn stemmerett fekk vi først i 1919. Den siste gruppa som da fekk stemmerett var personar som gjekk på forsorg eller fattigkassa. Kravet om å forsørgje seg sjølv for å ha stemmerett, er også eit av argumenta som har vore

brukt i høve til stemmerettsalderen. Utviklinga dei siste 10-åra har gått i retning av at ungdomstida er forlenga og at ungdomen blir eldre og eldre før dei forsørgjer seg sjølve. Dette er isolert sett eit argument for å heve stemmerettsalderen (Ødegård og Aars 2011). Den bakanforliggjande grunnen til seinare yrkesdeltaking er utdanningsrevolusjonen, og den auka innsikta i samfunnsutviklinga gjennom utdanning er eit argument som heller trekkjer i retning av å seinke stemmerettsalderen.

Det har etter kvart vorte vanleg å leggje vekt på at det bør vere samsvar mellom stemmerettsalder og andre rettar og plikter ungdomen har i samfunnet. Spesielt er det sjølvsagt ein nær samanheng mellom å velje og å vere valbar. Her har det vore samsvar sidan 1948 i Norge. Stemmerettsalderen vart sett ned frå 23 år til 21 år i 1946, men da laut ein framleis vere 30 år for å kunne veljast. Frå 1948 vart aldersgrensa 21 for både, så 20 år i 1967 og endeleg 18 år i 1978. Myndigheitsalderen har vore den mest stabile: 21 år frå århundreskiftet og heilt fram til den vart nedsett til 18 år i 1979.

### Utvikling i valdeltaking

Lokaldemokratikommisjonen (NOU 2006: 7) dokumenterte at valdeltakinga har gått ned over tid. På 1960-talet låg valdeltakinga mellom 80 og 85% ved stortingsval og 5-10 prosentpoeng lågare ved kommuneval. Etter den tida har det vore nedgang og denne nedgangen har vore både sterkare og meir eintydig ved kommuneval enn ved stortingsval. Skilnaden i valdeltaking mellom stortings- og kommuneval har kome opp mot 15 prosentpoeng.

Ved kommunevalet i 2007 var det ein liten auke i valdeltaking ved kommunevalet, den første auken sidan 1981 (St. meld nr. 33 (2007-2008)). Knappt nokon har trudd at den vesle oppgangen i valdeltaking i 2007 (2.2%) representerte eit trendbrot. Den sama stortingsmeldinga drøfta derfor ei rekkje tiltak for å få opp valdeltakinga.

Det har historisk vore ein sentrum- periferidimensjon i valdeltaking. Valdeltakinga ved kommuneval har vore lågast i Nord-Norge og høgst på Austlandet. Dette har jamna seg ut over tid. Nedgangen i valdeltaking har vore størst i dei folkerikaste kommunane dei siste 50 åra. Faktisk har ikkje valdeltakinga gått nemnande med i dei kommunane som har lågare folketal enn den statistiske medianen ( i overkant av 4000 innbyggjarar). Nedgangen i valdeltakinga blant er altså i stor grad eit storkommuneproblem, men problemet med låg valdeltaking blant ungdom er sams for alle kommunar i heile landet. Utviklinga over tid har ført kommunane meir i same bås, med same problem. Likevel kan utviklinga ha ulik bakgrunn og det kan krevjast ulike tiltak for å fjerne det felles problemet.

Nedgangen i valdeltaking har vore størst blant dei unge veljarane, særleg førstegongsveljarane. Dette er bakgrunnen for at mange av dei tiltaka som er drøfta eller sett i , rettar seg mot denne gruppa. Dette er også bakgrunnen for Mot til å meina.

Det viktigaste er sjølvst å vite noko presist om kvifor valdeltakinga har gått ned. Det er to typar forklaringar som er heilt ulike. Den eine er at deltakinga ved val har gått ned fordi den allmenne pliktjensla blant borgarane har gått ned. At denne har gått ned, spesielt blant dei unge er det data som tyder på, men dette er sjølvst vanskeleg å måle (Bjørklund 2002). Dette er ei individorientert forklaring. På den andre sida har vi den såkalla ”handlingsromforklaringa”. Denne går ut på at lokaldemokratiet har vorte svekka ved at kommunane har mindre handlingsrom enn før. Det er altså ikkje nokon vits å delta ved valet, ein oppnår ikkje noko likevel.

Moglegheitene til å påverke har også å gjere med kjensla av å vere berre ein bitte liten del av noko overveldande stort, altså den enkeltes handlingsrom eller handlingspotensiale i høve til alle. Dette kan vere forklaringa på at valdeltakinga er lågare i store og folkerike kommunar enn i små kommunar. Dei siste åra tiåra har det kome ei tilleggsforklaring i tilhøvet mellom sentrum og periferi, store og små kommunar. Det er at valdeltakinga er lågast i innvandarmiljø og desse finn vi mest i dei sentrale og folkerike kommunane.

### Grunngjevingar for demokrati

Innleiingsvis la eg vekt på at ungdomens valdeltaking er viktig både i seg sjølv og på lang sikt fordi dei yngre som deltek i val også har større valdeltaking som eldre. Desse grunngjevingane tek ikkje berre utgangspunkt i ungdomens interesser, men samfunnets behov for å vedlikehalde sine institusjonar.

Dei siste 30-40 åra har lokal deltaking og medverknad fått eksplisitte grunngjevingar med basis i ungdommen sine ressursar, kompetanse og behov Fauske & co (2009 s. 89) trekte fram følgjande grunngjevingar:

- Demokratigrunngjevingar
- Lokalsamfunns- og stadsutviklingsgrunngjevingar
- Kulturpolitiske grunngjevingar
- Sosialpolitiske grunngjevingar

Innanfor for kvar av desse kan ein skilje mellom grunngjevingar som enten er *instrumentelle* eller som ikkje er det, altså at deltaking og medverknad har ein *eigenverdi*.

Fauske-utvalet gjer seg til talspersonar for at argument for ungdomens deltaking og medverknad er tent med å vere tufta på *demokratigrunngjevingar*. Kjernen i desse grunngjevingane kan byggje både på demokrati som eigenverdi og framtidige instrumentelle verdiar. Dei andre verdiane, som til dømes lokalsamfunns- og stadsutviklingsgrunngjevinga bør ein sjå på som positive bieffektar og ikkje eit mål i seg sjølv. Utvalet bruker KRD si stortingsmelding ”Eit sterkt lokaldemokrati” (St.meld. nr. 33 (2007-2008)) som eit døme på at ein blandar saman ulike grunngjevingar. Vektlegginga i denne meldinga av å trekkje ungdommen meir med i styre og stell speglar av at denne meldinga er ført i pennen av KRD som nettopp har lokaldemokrati, kommunal verksemd, distriktpolitikk og utvikling som arbeidsfelt. Utvalet går også eit steg lenger

og kommenterer at departementet på dette tidspunktet hadde senterparistatsråd, Magnhild Meltveit Kleppa: ”Departementet , under en nåværende senterpartistatsråd, er naturlig nok spesielt opptatt av ungdommens stedstilhørighet og tiltak som kan begrense flyttestrømmen mot store byer” (s. 91)

Dette siste er eit moment for prosjektet *Mot til å meina*. Kleppa var statsråd da departementet bestemte seg for å satse på dette prosjektet. Bakgrunnen var ikkje berre stortingsmeldinga, men også eit hurtigarbeidande utval som la fram 120 punkt for å auke den demokratiske deltakinga blant ungdom. I denne utgreiinga vart det lagt vekt på at det ikkje berre er å få ungdom til valurnene som er viktig. Dette kan kjennast meiningslaust dersom ein ikkje også har ungdom på listene slik at ein kan stemme inn sine egne. I lys av dette er det ein viktig kvalitet for prosjektet *Mot til å meina* at det både har målsettingar for valdeltaking og ungdommeleg representasjon.

### Andre land, andre erfaringar

Ødegård og Aars (2011) har utarbeida ei oversikt over andre land sine erfaringar som del av evalueringa av prøveprosjektet i 20 kommunar der 16-åringar får stemmerett ved årets val..

Tyskland var tidleg ute med stemmerett for 16-åringar. Dei første delstatane innførte slik stemmerett allereie midt på 1990-talet, men framleis er stemmerett for 16-åringar innført berre på delstatsnivå og med unntak av ein delstat gjeld stemmeretten berre ved kommuneval. Allmenn stemmerett for 16 og 17 åringer var Austerrike først i Europa med innføre i 2008. Det er berre tre land elles i heile verda som har innført slik allmenn stemmerett og framleis er Austerrike åleine i Europa

*Mot til å meina* fann det nyttig å innhente internasjonale røynsler når det gjeld ungdom og røysting og la turen til Tyskland. Grunnen var truleg at også *Mot til å meina* rekna med å bli ein del av 16-årsprosjektet, men det er ikkje tvil om at innføringa av stemmerett for 16 og 17-årinar har gjeve grunnlag for interessant erfaringsmateriale både i Tyskland og Austerrike. Slike erfaringar kan også nyttast for å få opp valdeltakinga blant ungdom generelt.

Det mest overraskande er at 16- og 17-åringar har høgare valdeltaking enn eldre ungdom opp til 30-årsalderen. Ein viktig grunn til dette er truleg at 16- og 17-åringane kan mobiliserast på og via skulen pluss at dei fleste bur heime og blir ”drege med” av foreldre og andre vaksne. Dette har også vore brukt som motargument mot lågare stemmerettsalder og argumentasjonen er da at ungdomsstemmene ikkje er uavhengige av det som foreldra røystar på. Skulen som mobiliseringsarena har vore viktig for *Mot til å meina* og det er kanskje sannsynleg at dette har auka valdeltakinga sterkare blant 18 og 19-åringane enn i aldersklassa 20-26.

Også i Norge viser det seg at 18-åringar har langt høgare valdeltaking enn eldre ungdom. Ødegård og Berg (2011:12) viser at 18 åringar dei siste lokalvala (perioden 1999-2007) har hatt ei valdeltaking på høgde med 30-åringar. Aldersgruppa mellom har langt lågare valdeltaking, skilnaden er faktisk så høg som omkring ti prosentpoeng.

*Mot til å meina* har hatt karakter av eit mobiliseringsprosjekt. Erfaringane frå Tyskland og Austerrike er at uvisse og mangel på kunnskap om sjølve valprosedyrane er ein av grunnane til låg valdeltaking blant førstegongsveljarar, uavhengig av når dei vel første gongen. *Mot til å meina* har vektlagt denne erfaringa når det gjeld informasjon og kunnskap. Prosjektet har også peikt på behovet for det ein kan kalle ”terskelsenkande tiltak”, som til dømes å oppmode kommunane om å ha vakter i vallokala som er jamaldringar med førstegongsveljarane.

### Om departementsansvar og kommunane

I motsetnad til i føderale statar som Tyskland, kan ikkje eit demokratisk nivå under sentralstaten innføre eigen stemmerettsalder i Norge. Derfor er metoden ofte i slike samanhengar at Stortinget vedtek eitt eller fleire pilot- eller utprøvningsprosjekt som så blir grunnlaget for nasjonale vedtak.

Nasjonalt er det Barne- og likestillingsdepartementet (BLD) som i tillegg til sine egne ansvarsområde også har ei koordinerande rolle for alle andre departement når det gjeld barn og unges deltaking og innflytelse. Når det gjeld den delen som gjeld deltaking ved val, er det KRD som ansvaret. Derfor er det KRD som er inne som finansiør og spesiell interessent i prosjektet *Mot til å meina*.

Det var da også KRD som foreslo prøveprosjekt med 16-års aldersgrense ved kommunestyreval allereie i stortingsmeldinga ”Eit sterkt lokaldemokrati” (St.meld. nr. 33 (2007-2008)). Før denne stortingsmeldinga hadde den såkalla Lokaldemokratikommisjonen kome med utgreiinga ”Det lokale folkestyret i endring” (NOU 2006:7).

I tråd med BLD sin koordinerande rolle var det dette departementet som sette ned Torgersen-utvalet. Dei kom med rapporten ”Ungdom, makt og medvirkning” (NOU 2011:20) tre månader etter kommunevalet. Dei hadde tilgang på ein del resultat frå valet i dei 20 kommunane som prøvde ut 16 års aldersgrense. Inntrykket er likevel at dei konkluderte meir eller mindre uavhengig av erfaringane frå prøveprosjektet (evalueringa for prøveprosjektet skal ikkje føreliggje før hausten 2012!). Utvalet delte seg. Eit fleirtal tilrådde ikkje stemmerett for 16 åringar medan eit mindretal røysta for.

### Ulike kanalar til deltaking og demokrati

Det er mange vegar til makt og deltaking i samfunnet. Det er vanleg å bruke uttrykket ”kanalar til deltaking”. Det er vanleg å skilje mellom desse kanalane:

- Den demokratiske kanalen
- Organisasjonskanalen
- Aksjonskanalen
- Massemedia som politisk kanal

Denne oppdelinga er ikkje fullstendig. Til dømes inkluderer det ikkje den typen medverknad og påverknad som følgjer med økonomisk makt. Dersom vi til dømes ser på kven som blir invitert til den årlege årsmøtetalen til sentralbanksjefen, ser vi at dei rikaste blir invitert berre fordi dei er rike. Den såkalla partnerskapsorganiseringa inviterer også dei med økonomisk makt til ein partnerskapsdeltaking, slike partnerskap finn vi nå også som ein kanal til innflytelse på kommunenivået, men spesielt er dette mykje brukt i fylkeskommunane.

Det er også hybridformer, altså kopling mellom kanalar. Partnerskap er ein slik moderne hybrid. Når deltakarane partnerskapa er representantar for organiserte interesser (organisasjonskanalen), har slike partnerskap tradisjonelt vorte kalla korporative organ eller altså: den korporative kanalen til innflytelse.

Mot til å meina har alle målsettingane sine knytt til den demokratiske kanalen, men dei andre kanalane kan i større og mindre grad brukast som komplementære kanalar, altså til å fremje valdeltaking, listeplass og kommunestyreprerentasjon. Ungdomane har tilgang til andre medverknadsorgan også i desse tre kommunane. Alle kommunane har ungdomsråd eller ungdomens kommunestyre og representasjon i ein del planleggingsspørsmål som er spesielt viktig for ungdomen.

Prosjektplanen viser at Mot til å meina først og fremst planla å bruke massemedia som politisk kanal for å nå måla sine. Dei skulle også satse ein god del på møter, ei deltakingsform som er nærslekta med aksjonskanalen. Dersom vi kallar andre kanalar enn valkanalen for ”tilleggsdemokrati”, er det generelt på det rene at ungdom har mindre tilgang til dette tilleggsdemokratiet enn vaksne. Spesielt gjeld dette partnerskap og korporative organ. Dei organisasjonane som ungdom er del av, er sjeldan med i viktige avgjerdsorgan. I lys av dette er det lett å forstå at aksjonskanalen i langt større grad er ein ”ungdomskanal”, men det er også i lys av dette vi ser at valkanalen burde vere viktigare for ungdom enn for andre aldersgrupper.

Vi kan merke oss at i demokrati- og deltakingsforskinga er sosiale medium førebels lite inkludert som eigen ”kanal”. Førebels er ordet ”digitalt medborgarskap” teke i bruk. Dette inkluderer sosiale medium ( NOU 2011: 20). Dette vil det sikkert blir forska meir på, for sosiale medium skil seg markert ut frå alle andre sjølv om dei er ei form for massemedium. Dei har ingen vanleg redaktør som set krav til innhaldet slik vi har det i aviser og tradisjonelle etermedia. Dette gjer sosiale medium meir tilgjengeleg for alle, men spesielt viktig er dette for ungdom.

Mot til å meina har på ein innovativ måte teke i bruk sosiale medium, spesielt gjennom Førstevalget.no. I gjennomføringa av prosjektet kom aksjonskanalen

til å få ein meir sentral plass enn opphavleg tenkt. Da Hardangeraksjonen dominerte dagsorden, kopia Mot til å meina seg på ved å invitere aksjonsleiaren som gjennomgåande deltakar, spesielt i skulediskusjonane. På den andre sida vart organisasjonskanalen mindre brukt enn det som kanskje skulle ha vore formålsrasjonelt.

Spesielt vart partia lite brukt. Dette var ikkje nødvendigvis prosjektet si skuld og ansvar. Parti har vore invitert enkeltvis og til samlingar, utan at alle har møtt. Ein kunne også tenkt seg bruk av andre, gjerne tverrpolitiske organisasjonar, til å aksjoner til dømes gjennom kumulering av ungdomskandidatar på sjølve valdagen.

### Deltaking og regional kontekst

Det er allment slik at marginaliserte og ressursvake grupper har lågare valdeltaking enn andre. Den lågare ungdomsdeltakinga ved val er del av eit slikt mønster sjølv om ungdom generelt sjølvstøtt er ei svært ressurssterk gruppe i mange andre samanhengar.

Også perifere regionar, utkantar, kan vere marginaliserte. Relatert til valdeltaking har ikkje ungdom i norske utkantar spesielt låg deltaking ved kommuneval. I Nord-Norge er valdeltakinga allment låg, men ungdommen skil seg ikkje spesielt ut. Elles har små kommunar jamt over høgre valdeltaking enn folkerike kommunar og det er flest småkommunar i periferien.

Derimot har små kommunar spesielle kjenneteikn som gjer at valkanalen kan vere viktigare både for kommunen og for den einskilde ungdommen. Ungdom frå utkantkommunar flytter jamt over fysisk ut av kommunen medan dei studerer, men har stemmerett i heimekommunen.

Det er viktig for heimekommunen å få denne ungdommen engasjert i kommunens ve og vel blant anna for å få dei motiverte til å bli tilbakeflyttarar. For ungdommen i utkantkommunen er truleg valkanalen viktigare relativt sett i høve til andre kanalar. Det er lenger avstand til etermedia, partnerskapa er i regionsenteret og i sentrum etc.

I Mot til å meina er det ein kommune, Time, som er sentrumskommune i den meining at ungdommen som studerer i Stavanger jamt over bur heime. Dei to andre kommunane er slik sett utkantkommunar.

## Kap. 4. Teori/ Metode

Det kan sjå enkelt ut å evaluere om dette prosjektet har nådd måla sine. Måla er konkrete utan noko fiksfakseri. I dette kapittelet skal eg trekkje fram ein del faktorar som viser at det likevel ikkje er så enkelt. Desse faktorane, eller innsiktene, viser at prosjektet kan ha vore vellykka utan å nå dei kvantifiserte målsettingane – men at det også kan vere omvendt: At sjølv om prosjektet har nådd sine kvantifiserte målsettingar, viser ikkje det at prosjektet har lykkast.

### Det kontrafaktiske problemet:

I denne evalueringa skal vi finne ut om dette prosjektet har nådd måla sine. Har prosjektet ført til at fleire under 26 år har røysta, har det kome fleire i denne aldersgruppa inn på listene og inn i kommunestyra i dei tre kommunane?

I prosjektsøknaden er desse målsettingane formulert som endringar i høve til valet for 4 år sidan. Evalueringsproblemet er at ein heller ikkje ville ha fått nøyaktig same resultatet som for 4 år sidan sjølv om dette prosjektet faktisk ikkje hadde eksistert. Om prosjektet verkeleg har hatt verknader må vi altså måle i høve til den tenkte situasjonen at prosjektet ikkje vart sett i gang. Vi må altså måle resultatet i høve til ein ikkje-faktisk situasjon.

Det er dette som er det kontrafaktiske problemet ved alle målingar av effektar i samfunnet. Her er samfunnet forskjellig frå eit laboratorium. I laboratoriet har forskaren full kontroll og kan endre berre ein ting om gongen (prosjektet), og måle nøyaktig effektane og konsekvensane av dette. Det er dette som gjer samfunnsforskning så mykje vanskelegare enn naturvitskapleg forskning på nett dette området.

I samfunnet er det kontrafaktiske problemet ved effektstudium alltid eit problem, men det er ein del variablar som avgjer om problemet er større eller mindre.

Ein viktig variabel er tid. Skal ein måle effektane av eit tiltak dagen etter at det vart sett i verk, er det kontrafaktiske problemet mykje mindre enn om tiltaket går over lang tid. Tenkjer ein seg at det same valet blir gjort to dagar på rad og tiltaket er å stimulere dei unge til å velje på dag 2, men ikkje på dag 1 er det kontrafaktiske problemet relativt dersom ingenting anna vesentleg har skjedd mellom desse to dagane. Da blir problemet langt større i eit treårig prosjekt som dette. Mange andre hendingar og tiltak enn dette prosjektet har truleg, eller heilt sikkert, påverka ungdommen sitt politiske engasjement i løpet av desse tre åra.

Ein annan viktig variabel er omfang eller utbreiing. Eit kjent døme på dette i Norge er ”evalueringa” av om poteta var viktig for folkeveksten i Norge i perioden frå napoleonskringane (ca 1815) og fram til slutten av hundreåret. (Teigen 2004 B, NOU 2004: 2). Poteta kan brukast til alt, heiter det, ikkje

berre til mat som kan fø fleire, men også til brennevinsbrenning, ein drykk som kan verke motsatt og føre til naud og tidleg daude. Auken i potetdyrking påverka også kva anna som vart dyrka eller ikkje dyrka (alternativkostnaden). Å avgrense effekten av potetdyrking isolert sett høgst innfløkt, særleg når tidsvariabelen slår inn i tillegg. Demografiske endringar må målast over generasjonar og da er det også så mange andre faktorar enn poteta som verke inn.

Den teoretiske innsikta om det kontrafaktiske problemet må både få konsekvensar for val av målemetodar og for analysen av dei resultata vi finn. Eg kjem tilbake til konsekvensar for metodeval seinare i dette kapitlet, men det heilt enkle kan visast med eit eksempel. Viss alle andre og samanliknbare kommunar har oppnådd same auke i valdeltaking og representasjon som våre prosjektkommunar, er det sannsynleg at prosjektet ikkje har hatt verknad sjølv om måla vart nådd. Dei ville da truleg ha vorte nådd også utan Mot til meina.

### Daudvekt og fortrenging

Innan bruk av økonomiske verkemiddel for å nå mål, har det dei siste 10-20 åra utvikla seg ein internasjonalt akseptert modell for å måle kva verkemiddelet gir av ”tilleggsresultat”. Begrepet som blir brukt er addisjonalitet (Hasluck, 1987), og dette er ein målemetode for å kome ”rundt” det kontrafaktiske problemet.

Denne modellen kan også brukast på for å måle resultatet av verkemiddel og tiltak i Mot til å meina, men da forenkler vi modellen og kuttar ut alt som har med sprenging og feedback av effektar i økonomiske marknader. Brukt på vårt prosjekt tek vi ut to basiseffektar frå modellen:

- Daudvekt
- Fortrenging

Daudvekt er knytt til det reindyrka kontrafaktiske problemet. Daudvekta er den endringa ein ville ha fått t.d. i valdeltaking for målgruppa utan at prosjektet hadde eksistert. I dette prosjektet brukar vi endring i valdeltaking i kontrollgrupper som indikator på daudvektseffekten. Her brukar vi andre kommunar i fylket og heile landet.

Fortrengingseffekt har vi dersom tiltak for å mobilisere ei viss aldersgruppe er ”konkurransesvidande” i høve til å generell mobilisering til høg valdeltaking eller dersom vi veit at ein ungdomskandidat har kome inn på listene eller inn i kommunestyret som eit direkte resultat av *Mot til å meina*. Dersom partiet utansett ville ha sytt får å ha ungdom på listene eller i kommunestyret i denne aldersgruppa, har *Mot til å meina* kandidaten berre konkurrert ut, fortrengt, ein annan. Altså inga nettoeffekt.

Vi har ikkje prioritert å måle slike fortrengingseffektar i denne evalueringa, men det er likevel viktig å vere klar over at dei kan eksistere.

## Oppfinning – spreing – innovasjon

Prosjektet *Mot til å meina* skal prøve ut noko nytt. Det nye er tenkt å bli teke i bruk av fleire, dersom det lykkast. Dette går fram av søknaden frå Garborgsenteret/ kommunane og også frå tilsegnsbrevet frå KRD. I søknaden blir kommunane som nyskapinga skal prøvast ut i, kalla pilotkommunar (Schibeavaag 2011). Ein pilot er ein føregangar. Her skal det utviklast noko som nytt som er brukandes også for andre, det skal utviklast ein prototyp. I tilsegnsbrevet frå departementet går det fram at ei viktig grunngeving for løyvinga nettopp er at erfaring og evaluering skal vise om dette er noko for andre.

Resultata skal gjerast kjent og marknadsførast. Andre skal unngå å gjere dei same feila og kunne sette i verk dei delane av prosjektet som har vist seg spesielt vellykka.

Slik nyskaping som dette prosjektet skal fremje, er ei *oppfinning*. Dersom oppfinninga blir teke i bruk av andre, er det ein *innovasjon*. Evalueringa skal seie noko om dette som nyskaping, altså som oppfinning. Men det er eventuell spreing av denne oppfinninga frå pilotkommunane til andre kommunar ved framtidige val som viser om dette blir samfunnsmessig viktig, - altså om det får karakter av ein innovasjon.

Det er vanleg å skilje mellom ulike typar innovasjonar

- produkt- og tenesteinnovasjonar
- prosessinnovasjonar
- organisatoriske innovasjonar
- og så vidare

Produktet, sluttresultatet, som *Mot til å meina* skal fremje er mobilisering av unge under 26 år til stemme og til å stille til val. Prosjektet har som føremål å få dette til gjennom ulike tiltak og teknologiar. Forstått som innovasjon er dette derfor å forstå som prosessinnovasjon, men det er breitt lagt opp og kan også inkludere organisatoriske innovasjonar og tenesteinnovasjonar.

## Kjernegruppa

I dette prosjektet er spreings- eller diffusjon spesielt viktig. Det er ikkje berre ei hovudgrunngeving for i det heile å starte prosjektet. Etter oppstart er prosjektet i stor grad lagt opp slik at det er ei lita gruppe (kjernegruppa) som skal stå for kunnskaps- og kompetanseoppbygginga og på basis av dette stå for ”oppfinningane”. Oppfinningane i form av aktivitetar og tiltak for å få ungdom til å stille til val og å velje, skal så spreast til alle mellom 18 og 26 år.

Kjernegruppa er alle saman elevar på vidaregåande skular i kommunane. Dei er også alle saman 18-19 år.

For å nå målsettingane i prosjekter må altså

1. Kjernegruppa sjølve bli motivert og engasjert
2. Dei må spreie dette til andre på vidaregåande
3. Dei må spreie dette til dei (relativt få) ungdomane på 18 og 19 som ikkje går på vidaregåande skule
4. Dei må spreie dette til målgruppa som er eldre enn 19 år, altså dei som enten studerar eller har starta i arbeid

Prosjektet brukar som vi har sett, mange andre spreingsstrategiar enn kjernegruppa. Likevel: så sterk som satsinga er på kjernegruppestrategien, er det viktig at kunnskapen ikkje blir innkapsla. Det lettaste er sjølvstøtt spreing til andre på vidaregåande. Der ser vi av prosjektplanen at det også er lagt inn eksplisitte tiltak.

Vanskelegare, og viktigast fordi det er her vi finn fleirtalet av dei som skal mobiliserast til urnene, er det å finne vellykka spreingsstrategiar frå kjernegruppa til dei som er over 18/19 år. Dette er vanskelegast av reint praktiske grunnar. Desse ungdomane er spreidde over heile landet. Men dette er også viktigast fordi valforskinga har vist oss at det er nettopp gruppa mellom 19 og 26 år som har lågast valdeltaking. Det er denne gruppa ein må rekne med å bruke mest ressursar både på å nå og å motivere fram til valurnene.

### Entreprenøren

Bak innovasjonar finst det ei drivkraft. Schumpeter (1934) kalla denne aktøren for *entreprenøren*. Entreprenørskap er vanlegvis knytt til enkeltpersonar, men det fins også ulike former for kollektivt entreprenørskap (Teigen 2004 A). Innan offentleg sektor er det mange historiske døme på at kommunane har vore først ute med innovasjonar. Innan demokratiutviklinga var kommunane først ute med kvinneleg stemmerett (1910). Først i 1913 fekk kvinnene slik stemmerett ved Stortingsval. Mange velferdsordningar er først gjennomført i pioner- og pilotkommunar for så å bli statlege og nasjonale. Også når det gjeld stemmerett for 16-åringar var det heilt naturleg å prøve ut dette i eit kommuneval først. Tilsvarande med *Mot til å meina*. Også kommunen som kollektiv entreprenør har ofte ein eller fleire enkeltpersonar som den eigentlege drivkrata. Dette er personar som engasjerer seg for fellesskapet, samfunnet. Vi kallar dei derfor samfunnsentreprenørar. Det er liten tvil om at prosjektleiaren for *Mot til å meina* har vore ein slik entreprenør i dette prosjektet.

## Nettverk

Det er mange kanalar for deltaking og demokrati. Det er likevel brei semje om at deltaking ved val, altså *det representative demokratiet*, er grunnsteinen (NOU 2011:20, s 80).

Valdeltakinga blant førstegongsveljarane er jamt over 20 prosentpoeng lågare enn gjennomsnittleg valdeltaking. Det er lågare valdeltaking ved kommune- og fylkestings val enn ved stortingsval (Ødegård og Bergh 2011).

Valdeltakinga har dei siste lokalvala lege på ca 35% blant førstegongsveljarane (18-21 år) og ca 40% i aldersgruppa over (22-29 år). Eit interessant funn både i vår samanheng, og i dei landa som har prøvd ut 16 års aldersgrense, er at valdeltakinga historisk har vore høgare blant dei yngste enn blant dei noko eldre. I Norge har altså (Kap 3) 18 og 19 åringar høgare valdeltaking enn gruppa mellom 20-25. I dei landa som har innført 16 års aldersgrense (Austerrike og Tyskland) finn ein tilsvarande resultat. Det er høgst valdeltaking blant dei aller yngste.

Den vanlege forklaringa på at valdeltakinga er høgare blant 18-åringar enn 19-åringar, er at 18-åringane framleis bur heime og blir stimulert av vaksne, spesielt foreldre, til å møte opp og stemme. Dette er ei rimeleg forklaring som skulle vere relativt enkelt å finne belegg for. Ungdom som har godt høgskule- og universitetstilbod i dagpendlingsavstand bur heime lenger enn anna ungdom, og vi skulle ut frå dette finne at dei har høgare valdeltaking også som 19-20 åringar.

Denne erfaringa med familie som viktig for valdeltaking kan truleg generaliserast til nettverk og også deltaking i formaliserte organisasjonar allment.

Kunnskapen om at det er lettare å få 18-åringar til valurnene skulle tilseie at Mot til å meina

- a) har som ein hovudstrategi å nå ungdom under utdanning som framleis har stemmerett i kommunen.
- b) i og med at prosjektet er fleirårig: starte opp med å ha med 2 – 3 klassingar på vidaregåande som prosjektet framleis kan halde kontakt med når der er 19 og 20 åringar ved valet i 2011.

Det er andre viktige kanalar til deltaking enn valkanalen. Nærslekta med deltaking i kommuneval, er ungdomsråd og ungdomens kommunestyre. I 2009 hadde ca 80% av alle kommunane i landet ein av desse kanalane (Knudtzon og Tjerbo 2009). Både desse organa er kjenneteikna av at dei berre har rådgjevande kompetanse. Saman med andre tilsvarande organ blir dette kalla ein konsultativ kanal til medverknad. Men slike organ har også det kjenneteiknet at dei kan vere nettverksbyggjande.


Andre viktige kanalar til deltaking og nettverksbygging er *aksjonskanalen* og *organisasjonskanalen*. Det er neppe alle aksjonar og alle organisasjonar som like effektivt stimulerer til å delta i partival. Aksjonar er ofte, om ikkje alltid,

eit resultat av at parivesenet har "svikta" slik aksjonistane ser det. Mange organisasjonar har som eit hovudpoeng i verksemda si at dei er partipolitiske nøytrale. Dei så å seie "bruker" ungdomane si fritid i konkurranse med politisk verksemd. Trass i dette, er dei overordna funna at aktivitet skaper aktivitet: altså at aktiv deltaking i aksjonar og organisasjonsliv også fremjar høgare valdeltaking.

Blant organisasjonane er det dei politiske ungdomsorganisasjonane som ein må tru er dei mest effektive til å mobilisere medlemmane sine til å delta i val. Ungdomspartia har alltid opplevd større "konjunktursvingingar" enn moderpartia. Ungdomen er eit betre barometer på svingane politiske trendar enn eldre. Dessutan er omløpshastigheita større i ungdomsorganisasjonane. Summen er store svingingar. Trass dette finst det også langtidstrendar, og ein langtidstrend er nedgang både i lokallag og medlemmar. I 2009 hadde AUF nesten dobbelt så mange lokallag som nest største ungdomsorganisasjon (Unge Høgre), men sjølv AUF hadde berre 91 lag (Ødegård og Bergh 2011: 40). Dei hadde fleire lag enn eitt i store bykommunar og hadde altså lag i mindre enn 20% av kommunane. Vi må rekne med at i dei relativt få kommunane der det finst ungdomsparti, har dette ein viss mobiliseringseffekt med omsyn til valdeltaking og enda større effekt når det gjeld å sikre ungdomen plass på vallistene.

### Mål- middel

Prosjektet set opp klare mål og tilsvarende eit sett av tiltak (eller verkemiddel) for å nå målet. Men det er ikkje berre dei tiltaka som blir sett inn, som påverkar måloppnåinga. Det er ei rekkje faktorar som prosjektet ikkje rår over eller har styring med.



Figur 7.4 Mål-verkemiddel-modell i ein spel-situasjon

Figur 4.1 Mål – Verkemiddel i ein spelsituasjon  
Kjelde: Leif Johansen (1971)

I figur 1 er a verkemiddel eller det vi her har kalla tiltak i prosjektet. Z er ukontrollerbare faktorar. Slike hendingar og faktorar finst sjølv i dei mest sentralstyrte system med ein absolutt ”herskar”. Klassiske døme er været. Dette kan i ekstreme tilfelle redusere valdeltakinga drastisk – også blant sprek ungdom under 26 år. Men også andre enn værgudane kan spele inn. Hendingane 22. juli er eit slikt døme. Alle trudde at dette ville kunne føre til større oppslutning i alle kommunar i landet. I tillegg til tilfeldige hendingar, viser modellen også at det motsette av tilfeldigheiter kan påverke utfall og resultat. Det er mange aktørar (d1- d3) som har stor nok makt eller innflytelse til å spille inn til dømes enkeltsaker som kan påverke både valoppslutnad generelt og ungdomen sin deltaking ved val spesielt. I visse situasjonar kan spelteori vere eit nytting inntak for å forstå kva som har skjedd, ikkje minst ved val.

Modellen er ei form for modellering av det problemet at prosjektet skjer i eit levande samfunn med mange slags aktørar, altså ikkje i eit laboratorium. Samstundes viser modellen noko anna, både meir og mindre, enn det kontrafaktiske problemet.

Mål- middelteori kan også brukast til å analysere det einskilde verkemiddelet eller tiltaket. For det første seier teorien at ein må ha minst eit verkemiddel for kvart mål. For det andre kan både erfaring og teori seie meir eller mindre om samanhengen mellom middel (tiltak) og mål. Det mest generelle er at verkemiddelet må vere mest mogleg direkte og beinveges sikta inn mot målet (jfr det gamle ordtaket at ein ikkje skal slå på skåka når ein meiner merra, at ein ikkje skal rette bakar for smed osv). Sagt på ein annan måte: tiltaka for å nå målet må vere mest mogleg treffsikre.

#### Nokre metodekonsekvensar

Mål- middelteori viser at eit mål kan bli nådd utan at det har noko som helst med verkemiddelbruken å gjere, men at det også kan vere omvendt: sjølv om eit verkemiddel (her prosjektet) ikkje lykkast i å nå måla sine kan dette vere trass i at verkemiddelet er sett inn på ein optimal måte.

Det mest grunnleggjande er å undersøkje om det er sett inn spesifikk verkemiddel for å nå det enkelte målet. Evalueringa bør vise at det er sett inn minst eit verkemiddel (eller tiltak) for å nå det einskilde målet, altså:

- målet om større valdeltaking i målgruppa 18-26 år. Minst eit verkemiddel
- målet om fleire frå målgruppa 18-26 år på nominasjonslistene
- målet om fleire frå målgruppa 18-26 valt inn i kommunestyra

Det vil kunne vere ulike faglege synspunkt på kva for verkemiddel som er eigna til å nå kvar av desse målsettingane. Framfor alt vil det vere ulike vurderingar av kva for verkemiddel eller tiltak som verkar best. Dette er i seg sjølv eit argument for å sette i gang slike prøveprosjekt som *Mot til å meina*.

## Måleproblem

Prosjektet har formulert målsettingane sine som kvantitativt målbare framgangar i høve til resultatata for kommunevalet i 2007 i dei same kommunane. Dette er enkelt å måle, men både mål – middelteorien og det kontrafaktiske problemet viser at det er ekstremt vanskeleg å finne mål på om endringane skriv seg frå prosjektet eller frå andre endringar i samfunnet som også påverkar ungdomen.

Sjølv om det er umogleg å identifisere verknadene av prosjektet nøyaktig, er det mange metodar som kan brukast for å få kunne uttale seg meir sikkert om samanhengane. Til dømes kan ein spørje den einskilde ungdomen om han/ho har latt seg påverke av prosjektet. Både denne og andre metodar som går på individnivå, er for kostbare og tidkrevjande til at det kan gjerast i denne evalueringa.

Det vi har rom får å gjere i denne evalueringa, er ein samanliknande analyse. I staden for berre å samanlikne resultatata for målgruppa med valet i 2007, kan vi gjere ein samanliknande analyse. Vi samanliknar resultatata for våre kommunar med

- tilsvarande resultat for heile fylket (Rogaland)
- tilsvarande resultat for heile landet

Det vi oppnår med dette er å korrigere for allmenne utviklingstrekk som har påverka valdeltakinga, nominasjonar og val. Dette inkluderer det vi kallar daudvekt, altså utfall vi ville ha fått også utan at prosjektet kom i gang. Spesielt når det gjeld valdeltakinga og stemmegjevinga er det stor semje om at nasjonale trendar slår sterkt inn også ved kommunevala. Samstundes ser vi at enkeltkommunar har resultat som sterkt skil seg ut frå land- og fylkestrendane. Vi må derfor vere observante på om det er andre hendingar eller tilhøve enn Mot til å meina som kan ha påverka utfalle også i våre tre kommunar.

I høve til folketalet i kommunane er det brukt langt større beløp i *Mot til å meina* prosjektet enn i dei 20 kommunane som har forsøk med 16 års aldersgrense. Det kan derfor vere av interesse også å kunne samanlikne med valresultatet i desse 20 kommunane. Dersom ein skal lære noko av evalueringa for framtida, er det interessant om ein kan få gode resultat med mindre ressursinnsats. I yttarste fall kan det vere at ein kan få ein skilnad med heilt minimal ressursinnsats ut over å utpeike ein kommune som prøvekommune og gjere prøvekommunestatusen allment gått kjent blant veljarane i kommunen. Det kan oppstå ein form for ”placebo-effekt”.

## Kap. 5. Mål- Middelanalyse

Prosjektet er designa innafor det som kan kallast eit konsept for rasjonell planlegging. Det er formulert eksplisitte *mål* og mobiliseringsprosjektet med alle sine tiltak er *verkemiddelet*. Det er fleire mål og enda fleire tiltak, altså er prosjektet i samsvar med hovudregelen i mål-middelplanlegging, at det skal vere minst eit verkemiddel for kvar målsetting.

### Operasjonalisering av målsettingar

Hovudmålet: Auke oppslutnaden ved valet i 2011, aldersgruppa 18-26 år

#### Delmål:

- 10% fleire i gruppa 18-26 år skal nytte røysteretten
- 50% fleire i aldersgruppa under 26 år på listene
- Dobling av talet på representantar under 26 år i kommunestyra

For å evaluere desse målsettingane er det naudsynt å presisere kva dei betyr eller kan bety fordi målsettingane ikkje er eintydige. Eg vil her leggje fram tolkingsmoglegheitene og kome med tilrådd operasjonalisering.

#### Delmål 1: Auke valdeltakinga med 10%-poeng:

Det første delmålet må forståast som ei målsetting om å auke valdeltakinga med 10 prosentpoeng (til dømes frå 40% til 50%). Dette er isolert sett ei ambisiøs målsetting.

Eigentleg burde denne målsettinga relaterast til trendar og utviklingstrekk regionalt og/ eller nasjonalt. Dersom valdeltakinga i denne aldersgruppa går ned med 5 prosentpoeng på landsbasis, men går opp med 5 prosentpoeng i prosjektkommunane – kan målsettinga seiast å være oppfylt. Dersom valdeltakinga går opp med 10 prosentpoeng i prosjektkommunane og 5 i resten av landet, er det omvendt. Terroren mot ungdomane på Utøya 22. juli gjer samanlikning både spesielt nødvendig og også spesielt vanskeleg. Det er nødvendig fordi det kan ha påverka valdeltakinga generelt og spesielt vanskeleg i den grad hendinga ikkje har fått generell verknad på valdeltakinga, men derimot så sterk verknad i visse kommunar eller fylke ein må fange dette opp spesifikt.

I evalueringa vil vi samanlikne valdeltakinga i denne aldersgruppa i prosjektkommunane med

- \* utviklinga i heile fylket
- \* utviklinga i landet

Helst ville vi også ha samanlikna med valdeltakinga i 16-årskommunane, men der har vi ikkje tilgjengeleg offisiell statistikk på det tidspunktet denne evalueringsrapporten blir levert.

Utviklinga i fylket er relevant fordi det er ein valregion ved same valet, det er kommune- og fylkestingsval. Utviklinga i heile landet er relevant samanlikningsgrunnlag fordi vi ser at nasjonale diskursar (t.d. i TV) slår gjennom også i lokalval.

I tillegg til dette må vi i sluttevalueringa også ta høgde for, og identifisere, om det er hendingar i prosjektkommunane som påverkar valdeltakinga generelt – og ikkje berre for vår målgruppe. Aukar valdeltakinga i heile kommunen med 15%, er det ingen opplagt suksess om valdeltakinga for vår målgruppe aukar med 10%.

#### Delmål 2: 50% fleire på vallistene

Dette er ei målsetting som kan realiserast sjølv om både hovudmålsettinga og dei andre delmålsettingane mislykkast. Dersom det er parti som ikkje kjem inn i kommunestyret, eller jamvel småparti som fyller opp listene sine med ungdommar, kan delmålet vere oppfylt sjølv om det verken blir større valdeltaking (Delmål 1) eller fleire i kommunestyra (Delmål 3).

Dette er ei grunngeving for at delmål 2 kanskje bør reformulerast og knytast sterkt til dei store partia. Ein bør også sjå det i høve til desse partia sin praksis når det gjeld kumulering. Mange kumulerte i høve til representantar i kommunestyret gjer det mindre ”imponerande” om det figurerer ungdommar lengre nede på listene.

#### Delmål 3: Dobbelt så mange under 26 år i kommunestyra

Denne målsettinga må relaterast til regionale og nasjonale utviklingstrekk på same måte som for valdeltakinga, men her er nokre viktige tilleggsmoment. For det første er det vanskelegare å doble frå 4 til 8 enn frå 1 til 2, alt anna konstant. For det andre må det korrigerast for det vi kanskje kan kalle ”ungdomsindikatorar”, ungdom let seg (kanskje) til dømes lettare mobilisere på saker enn på politiske program. Det er altså ikkje sikkert at til dømes ei dobling av talet unge representantar i ein av kommunane er eit resultat av dette prosjektet, men derimot resultat av ei hending som har mobilisert ungdomsgruppa i denne kommunen.

For det tredje er utviklingstrekk i ungdomspartia viktige. Ungdomspartias historie viser at lokallag (som rekrutterer til kommunestyra) oppstår, blomstrar og veks for så kort tid etter å forsvinne. Utviklinga ser ut til å vere sterkt personavhenging.

## Verkemiddel (tiltak) for å nå måla

Kva som er eigna verkemiddel og tiltak for å nå måla i slike prosjekt er langtfrå sjølvst. Nettopp det er i seg sjølv ein grunn til å sette i gang slike prosjekt for å hauste erfaring. Kanskje er det fleire vegar til målet og kanskje er det også slik at kjenneteikn ved det lokale politiske miljøet gjer at det er ulike vegar (verkemiddel og tiltak) til målet i den eine typen kommune i høve til andre.

Sjølv om det er mange vegar til målet, kan det vere vegkryss eller vegstrekningar som alle må gjennom og som verkemiddel og tiltak alltid kan rettast mot.

I dette prosjektet er det ein slik vegstubb alle må gå når det gjeld dei to siste måla

- Dobling av talet på kommunestyremedlemmar under 26 år i kommunestyra
- 50% fleire i aldersgruppa under 26 år på listene

For å nå desse måla, må vegen gå gjennom partia (eller bygdelistene) som stiller til val. Det er i nominasjonsprosessen og til slutt på nominasjonsmøtet i det einkilde partiet at ungdomane først må fremjast som kandidatar, deretter kome inn på lista og til slutt kome så høgt på lista at det er sannsynleg at ungdomen kjem inn på lista. Delmålet om 50% fleire på vallistene kan nåast utelukkande gjennom det vi kan kalle ”partikanalen”.

Målet om dobling av kommunestyremedlemmar under 26 år er avhengig av partikanalen fram til resultatet av nominasjonsmøtet. Mange nok ungdomar må stå på vallista. For at ei dobling skal skje må mange nok stå langt nok framme på listene, men her er det også mogleg å supplere partikanalen med å mobilisere til kumulering av ungdomar på sjølve valdagen. Når det gjeld desse to målsettingane, er det også meir indirekte tiltak som kan føre til målet. Det er likevel mest nærliggjande å sjå korleis prosjektet har brukt *partikanalen* og *kummuleringsstrategien*.

Målsettinga om at fleire enn 10 prosentpoeng fleire skal nytte røysteretten opnar for langt fleire og ulike tiltak og verkemiddel for å nå målet. Her er partia viktige i den forstand at gode partiprogram og ungdom som er motivert til å tru på ”partivesenet” vanlegvis er viktige føresetnader for å få ungdom til valurnene. Erfaringane viser imidlertid at det ofte er enkeltsaker som får ungdom til å engasjere seg, først i den aktuelle saka, så gå vegen gjennom partia og det representative demokratiet for å føre saksengasjementet vidare.

Prosjektet Mot til å Meina kunne ut frå dette sette krefter inn for å få saker som motiver og engasjerer ungdommen inn i arbeidet med valprogramma til dei ulike partia, kanskje også bidra til å få nett desse sakene fram i valkampen. Kjem først slike saker fram og blir viktigare, vil det i neste omgang også kunne gjere det lettare å få ”sakseigarar” inn på listene og fram på valdagen.

Men tiltak for å få opp valdeltakinga, kan bruka mange andre verkemiddel og tiltak som møte, bruk av media osv.

### Partikanalen

Hovudstrategien for å nå måla i dette prosjektet er skoloring, motivering og organisering av ei kjernegruppe. Gjennom dette ressurs- og kraftsenteret skal måloppnåinga kome via ein spreingsprosess.

Kjernegruppa i prosjektet er rekruttert frå klasser i dei tre vidaregåande skulane. Det er noko uklart kva som når alt kom til alt vart avgjerande for rekruttering til kjernegruppa, men det er klart at prosjektet ikkje hadde ein strategi for å rekruttere ungdom som allereie hadde partitilknytning enten gjennom haldningar eller medlemskap i ungdomsparti.

I prosjektplanen er det også få element som direkte er eigna til å få kontakt med nomineringsprosessane i partia. Det er møte med partia/valstyra før stortingsvalet i 2009. Da arrangerer prosjektet også opent debattmøte og her skal kjernegruppa også mobilisere resten av klassa til å delta. Det mest direkte tiltaket retta mot nominasjonsprosessane er i prosjektskissa planlagt til årsskiftet 2010/ 2011, men her er strategien ”opplysning” og da via aviser og media – både som annonser og redaksjonell omtale.

### Styringsorgan som verkemiddel

Som eit tillegg til prosjektretta tiltak kunne ei samansetting av styringsorgan i prosjektet hatt strategiske koplingar til partikanalen.

Styret hadde ordføraren i Time, Arnfinn Vigrestad, som styreleiar. Også ordføraren i Sauda (Laura Seltveit) var styremedlem, men ikkje ordføraren i Hjelmeland, den siste prosjektkommunen. Elles var styret samansatt av leiar i Senterungdomen i Rogaland (Marit Jacobsen). Elles var styret samansatt av leiaren i Landssamanslutninga for nynorskkommunar (Vidar Høviskeland), valansvarleg i Time kommune (Tone Storsætre) og ungdomsansvarleg i Fagforbundet.

Ved ei sterk satsing på forankring til partia, kunne ein teoretisk sett ha tenkt seg eit styre samansett av dei partia som kunne rekne med å kome inn i kommunestyra i dei tre kommunane. Ein styrerepresentant for kvar liste i alle kommunane, ville ha sprengt alle grenser for kor stort eit styre kan vere. Alternativt kunne ein representant for kvart parti representert sitt parti i alle kommunane. Dette ville imidlertid ha bydd på store praktiske problem i sjølve valet av representative personar. Hovudproblemet med ei slik styresamansetting ville likevel ha vore at prosjekteigarane og dei ansvarlege for økonomi og prosjektgjennomføring ikkje dominerer styret.

Men det finst supplerande styringsorgan til eit styre. Styret i prosjektet slik det nå har vore samansett kunne ha vore supplert med eit stort rådgjevande årgan samansett av ein representant for kvar av partia/listene i dei tre kommunane.

Ein kunne alternativt til dette ha satsa på ein desentralisert rådsstruktur til dømes eit råd i kvar av dei tre kommunane, samansatt av dei partia som hadde planar om å stille lister til kommunevalet.

### Kjernegruppe- og spreingsstrategien

Organiseringa av dette prosjektet har vore slik at suksess langt på veg stod og fall med satsinga på ei kjernegruppe. Prosjektgjennomføringa hadde i utgangspunktet rom for at kjernegruppa kunne endre strategiar og sentrale satsingar. Samstundes var det slik at store delar av ressurstilføringa gjennom prosjektet vart tilført medlemmane i kjernegruppa. Dei vart ”opplært”, motivert og mobilisert. Så skulle summen av dette gjere enkeltmedlemmar i gruppa og gruppa samla i stand til å spreie budskapet og entusiasmen til målgruppene for prosjektet slik dette er formulert gjennom hovudmål og delmål.

Kjernegruppa var tilfeldig samansett i høve til partipolitisk samansetting. Gjennom arbeidet og samlingane var hovudinntrykket at medlemmane i kjernegruppa i liten grad var opptekne av partipolitikk.<sup>2</sup>

Kjernegruppemedlemmane var valt blant elevar på vidaregåande skule. Dei fleste på vidaregåande har ikkje stemmerett og alle speiingstiltak på sjølve skulen trefte derfor fleire utanfor enn innafør målgruppa. Grunnen til at vidaregåande skule vart valt er at dette også er ein arena som genererer debatt i lokalsamfunnet, lokalavisjournalistikk osv.

Hovudproblemet (eller utfordringa) med denne kjernegruppestrategien er likevel korleis ein skal få spreing til alle mellom 19 og 26 år. For kommunar som ikkje har høgskule- eller universitet er det allment eit problem å nå desse årgangane. Sjølv om ein når dei, er det også problem å motivere til valdeltaking ved kommuneval. Dei bur og studerer, eller tek anna utdanning i ei anna kommune enn heimkommunen som dei framleis har røysterett i. For prosjektet Mot til å meine er det ei hovudutfordring å nå denne målgruppa.

Fram til sjølve valkampanjen fann ikkje prosjektet nokon direkte kanal til denne gruppa av veljarar. Mange kommunar har namn og adresse til denne delen av utflyttarar. Slike namnelister fekk ikkje Mot til å Meina tilgang til og dei tok heller ikkje initiativ til tiltak sjølve som gjorde ”direktemarknadsføring” mogleg. Prosjektet kunne brukt ressursar på å nå desse ungdomane direkte gjennom å få adresser/ epostadresser. Eller ein kunne brukt Facebook og ”snøballmetoden” ved å mobilisere mange nok i desse aldersgruppene til å inkludere all ungdom frå kommunane under 26 år. Dette vart ikkje gjort og størstedelen av målgruppa vart derfor ikkje ein del av den eksplisitte spreingsstrategien heilt fram til valkampen hausten 2011.

---

<sup>2</sup> Denne konklusjonen er tufta på deltakande observasjon. Evaluator var med på mange av samlingane og var stort sett observerande og taus fluge på veggen.

## Valkampanjen

Denne måten å arbeide på er skildra i større detalj i prosjektleiarrapporten (Schibevaag 2011), men hovudpoenget var at kjernegruppa fekk i oppgåve å kome med innspel til ei *landsomfattande* kampanje med element som radioreklame, annonsar, plakatar, nettannonsar osv.

Det var spesielt i mobilieringa fram mot sjølve valet at kjernegruppa fekk stor handlingsfridom med omsyn til å leggje opp arbeid og strategi. Det vart formulert slik at kjernegruppa skulle velje kommunikasjonsstrategi overfor målgruppa.

Kjernegruppa omformulerte kampanjen først og fremst gjennom å utfylle med forslag bruk av det vi kan kalle nye medium som Facebook, annonsering på musikkprogrammet Spotify og liknande.

Tre kommunikasjonsbyrå vart utfordra til å kome med sine løysingar. Kampanjen Førstevalet.no vart valt.<sup>3</sup> Førstevalet.no vart drifta og spreidd gjennom Facebook og her er potensialet stort i og med at 70% av målgruppa ungdom under 26 år er meir eller mindre aktive i denne kanalen. Ideen er å vise omverda (som er "dine vener" på Facebook) kva for politiske saker du er oppteken av og korleis dette kan påverke politisk engasjement og i siste instans valdeltaking.

Gjennom Førstevalet.no vart også ungdomspartia oppfordra og utfordra til å vere med. I og med at dette var ein landsfremjande kanal, tok fleire av ungdomspartia kanalen i bruk. Gjennom Førstevalet.no fekk prosjektet også på ein indirekte måte eit inngrep med det vi har kalla partikanalen.

Førstevalet.no kom for seint i gang til å påverke nominasjonane og påverka ikkje målsettinga i dette prosjektet om å få fleire inn på listene. Derimot hadde kampanjen moglegheit både til å påverke valdeltakinga og kor mange listestemmer den enkelte ungdom på listene kunne få.

Det er indikasjonar på at kampanjen gav resultat. Sauda hadde høgst aktivitet på Førstevalet.no og her var både auken i valdeltaking størst og dei to som hadde størst suksess på Førstevalet.no kom også inn i kommunestyret. Det kan også sjå ut til at dette gav seg utslag i Fylkestingsvalet. Ungdomskandidaten til SV frå Sauda gjorde det best også her.

Det mest "geniale" med Førstevalet.no var likevel at det er stor sannsynlegheit for at store delar av målgruppa nådde kvarandre. Det er derfor sannsynleg at denne kampanjen nådde mange i målgruppa og slik sett var med på å stimulere til valdeltaking. Spesielt er det sannsynleg at så å seie alle vart nådd i Sauda, eitt tett samfunn der alle kjenner alle i ei slik ungdomsgruppe.

---

<sup>3</sup> Det Stavangerlokaliserte kommunikasjonsbyrået Melvær & Lien

## Valmobilisering ?

Etter nominasjonsmøta og ferdigstilling av vallistene, var tida ute for å kunne påverke talet på listekandidatar. Det som stod att i prosjektets siste fase, var tiltak for å nå målsettingane om

- høgre valdeltaking (Mål 1) og
- fleire inn i kommunestyret (Mål 3)

Utøya-tragedien 22. juli gjorde at dei tradisjonelle skuledebattane mellom alle ungdomspartia vart avlyst i heile landet. Mot til å meina hadde planlagt ein debatt i kvar kommune, leia av medlemmane i kjernegruppa. Debattane skulle vere eit (betre) alternativ til dei tradisjonelle skuledebattane. Også desse debattane vart avlyst. Det viktigaste av dei tiltaka som var med i den opphavlege prosjektplanen for å auke valdeltakinga, måtte såleis gå ut av programmet. Dette gjorde det sjølvstøtt vanskelegare å nå målet om høgre valdeltaking. Heldigvis hadde Mot til å meina fått på beina Førstevalet.no i løpet av prosjektperioden. Dette var ikkje med i prosjektplanen, men kom i tillegg – også gjennom ekstrafinansiering – i løpet av prosjektperioden.

Mål 3 (fleire inn i kommunestyret) er ei målsetting som det i hovudsak er to verkemiddel for å nå etter at listene er sett opp:

- enten å oppmode ungdomen til å røyste på listene med flest ungdomskandidatar eller
- å organisere valaksjonar der ungdomen ”røystar på ungdomen” enten gjennom kumulering eller oppføring av ungdomskandidatar frå andre parti på den lista ungdomen stemmer på

Eg er ikkje kjent med at prosjektet tok i bruk nokon av desse verkemidla for å få ungdomskandidatar inn i kommunestyra i dei tre kommunane, men det vart brukt lesarbrev i lokalavisene med oppmoding om å røyste på ungdomskandidatane.

## Oppsummert: Målretting og verkemiddel

Det er ein stor og ikkje eintydig fagleg diskusjon om samanhengen mellom målsettingar og verkemiddel, men det er stor semje om at

- Verkemidla (tiltaka) må vere mest mogleg direkte retta mot målet eller målgruppa
- At ein må ha minst eitt verkemiddel for å nå kvart mål

Prosjektet er kjenneteikna av mange tiltak og verkemiddel for å få ungdomen politisk interessert, men ikkje spesielle tiltak for å fremje den partipolitiske interessa. Med omsyn til målet om høgre valdeltaking, er hovudkonklusjonen at det vart sett inn mange tiltak (verkemiddel), men det tiltaket som mest direkte kunne ha fått ungdom til valurnene vart ikkje teke i bruk. Det verkemiddelet er å vende seg personleg til alle innafor målgruppa. Prosjektet hadde hatt ressursar til å bruke dette verkemiddelet ved å omprioritere eller rett og slett å kutte ut tiltak som ikkje er retta mot noko av måla.

Prosjektet har brukt langt mindre ressursar på å nå dei to andre måla. Prosjektet har skrivi brev og oppfordra partia til å få ungdom inn på vallistene, men har til dømes ikkje brukt den ”vanlege” metoden å mobilisere målgruppa til å møte opp på nominasjonsmøta. Dette ville ha vore meir eit verkemiddel/ tiltak meir direkte retta mot målet.

Når det gjeld det siste målet, å få fleire unge inn i kommunestyra har ikkje prosjektet sett inn noko anna tiltak/ verkemiddel enn skriving av lesarbrev etter at listene vart sett opp.

## Kap. 6. Resultat

I dette kapitlet skal eg primært analysere korleis valet i kommunane gjekk i høve til dei oppsette og eksplisitte måla for prosjektet.

Til slutt i kapitlet vil eg også vurdere om prosjektet har hatt andre effektar enn dei det er sett opp målsettingar for.

Korleis gjekk det med resultatet i høve til oppsette mål? Følgjande mål vart formulert for prosjektet:

Hovudmålet: Auke oppslutnaden ved valet i 2011, for aldersgruppa 18-26 år

Delmål:

- 10% fleire i gruppa 18-26 år skal nytte røysteretten
- 50% fleire i aldersgruppa under 26 år på listene
- Dobling av talet på kommunestyrerepresentantar under 26 år i kommunestyra

### Delmål 1: Auka valdeltaking i gruppa 18-26 år

Det første delmålet må forståast som ei målsetting om å auke valdeltakinga med 10 prosentpoeng (til dømes frå 40% til 50%). Dette er isolert sett ei ambisiøs målsetting.<sup>4</sup>

Isolert sett, og slik målsettingane vart formulert i prosjektet, ser vi frå tabell 6.1 at målsettinga er oppnådd i alle kommunane (sjølv om det manglar litt i Hjelmeland.) I Sauda er både auken i valoppslutning frå 2007 til 2011 og nivået i 2011 imponerende. Ei valoppslutning for denne aldersgruppa på over 80% er heilt uvanleg.

Eg har grunngeve at denne målsettinga ikkje bør evaluerast isolert, men relaterast til trendar og utviklingstrekk regionalt og/ eller nasjonalt. Dersom valdeltakinga i denne aldersgruppa går ned med 5 prosentpoeng på landsbasis, men går opp med 5 prosentpoeng i prosjektkommunane – kan målsettinga seiast å være oppfylt. Dersom valdeltakinga går opp med 10% i prosjektkommunane og 15% i resten av landet, er det omvendt.

---

<sup>4</sup> Denne forståinga vart stadfesta i undervegsevalueringa

Tabell 6.1: Prosentdel av under 26 år som røysta ved vala i 2007 og 2011

	2007 %	2011 %	Mål: dobling
Hjelmeland	43,4	53,1	Ja
Time	36,9	57	Ja
Sauda	Ca 40	81.5	Ja
Rogaland	33%		
Norge	35%		

Kjelde: Oppteljing i kommunane. Tala for Rogaland og Norge 2007, SSB. Resultatet for Rogaland og Norge er ikkje offisielle enda.

Er det så dette prosjektet som forklarar den auka valoppslutninga? Førrebeles har vi ikkje dei endelege tala for oppslutning i denne aldersgruppa i fylket og i landet, men det er sannsynleg at vi finn ein vekst på ca 10 prosentpoeng også i heile landet. *I så fall speglar oppslutninga i Hjelmeland berre ein landstrend og korrigert for denne har ikkje prosjektet nådd måla sine i denne kommunen.*

Målsettinga om auke i valdeltakinga må også evaluerast i høve til nivået (og ikkje berre auken) for valdeltakinga. I 2007 var valdeltakinga i Hjelmeland klart høgare enn landsgjennomsnittet (8.4 prosentpoeng høgare). Sannsynlegvis var valdeltakinga også ca 5 prosentpoeng høgare enn landsgjennomsnittet i Sauda (har ikkje nøyaktige tal for 2007). I lys av det høge nivået i utgangspunktet, er ein vekst på ytterlegare ti prosjektpoeng i Hjelmeland eit sterkt resultat og eg vil konkludere med at prosjektet har nådd målsettinga også i denne kommunen.

Det kan vere interessant å samanlikne med valdeltakinga for 16- og 17-åringar i dei 20 kommunane som prøvde ut 16-årsgrense ved valet med valdeltakinga til alle under 26 år i våre kommunar. Resultata frå desse kommunane vart presentert i den regjeringsoppnemnte rapporten "Ungdom, makt og medvirkning" (NOU 2011: 20). I desse 20 kommunane var gjennomsnittsdeltakinga for 16 og 17 åringer 57,3%, altså høgare enn i Hjelmeland og på høgde med Time. Berre Luster av dei 20 kommunane kom tilnærma så høgt som i Sauda. Dei kom til kom til og med høgare. (82.3%)

Departementet burde kanskje syte for å få oversikt over valdeltakinga i aldersgruppa under 26 år også for dei 20 prøvekommunane. Dei kommunane som har større oppslutning enn Hjelmeland og Time har kanskje funne kostnadseffektive måtar å mobilisere ungdomen på. Stavanger, nærkommune til Time, har til dømes nesten like høg valdeltaking (54,7%) blant 16 og 17 åringer enn Time har i aldersgruppa under 26 år. Dette er eit godt resultat for ein folkerik kommune som Stavanger, også blant dei 20 prøvekommunane er det nemleg slik at det jamt over er dei mindre som har høgst valdeltaking. Marker, Vågå og Namdalseid ligg på ca 70%, langt høgare enn dei to kommunane som er samanliknbare i *Mot til å meina*.

Det kan vere ein ide å sjå nærare på kva dei kommunane som har gjort det best har lykkast med, til dømes dei 4 beste blant dei 20 16-årskommunane og Sauda blant dei tre kommunane i Mot til å meina.

#### Delmål 2: 50% auke i talet på listekandidatar 18-26 år

Dette målet skal forståast som 50% auke i listekandidatar i høve til 2007, altså til dømes auke frå 10 til 15 kandidatar. Dette målet må relaterast til kor mange listekandidatar det er totalt sett, spesielt dersom dette talet har endra seg frå 2007 til 2011.

Tabellen under viser at Time totalt sett har ca dobbelt så mange listekandidatar som dei to andre kommunane.

Tabell 6.2: Talet på listekandidatar totalt i dei tre kommunane 2007-2011

Kommunar	2007	2011
Hjelmeland	93	109
Time	212	189
Sauda	91	102

Kjelde: SSB

Time har ein reduksjon i listekandidatar medan dei to andre kommunane har ein auke. Det er altså meir krevjande å nå målsettinga i Time enn i Hjelmeland og Sauda. For å synleggjere dette viser vi i tabell 6.3 både dei absolutte tala for listekandidatar under 26 år og prosentdelen av alle.

Tabell 6.3: Kandidatar under 26 år på vallistene. Absolutte tal i klamme

	2007	2011	Endring %-poeng	Mål
Hjelmeland	(2) 2.2%	(7) 6.4%	4.2	Ja
Time	(15) 7.1%	(15) 7.9%	0.8	Nei
Sauda	(5) 5.5%	(9) 8.8%	3.3	Ja
Rogaland	6.3%	7.7%		
Norge	6.7%	6.5%		

Med dette som bakgrunn viser tabell 6.3 måloppnåinga. Vi ser at dette delmålet på 50% auke i listekandidatar er nådd i Hjelmeland og Sauda, men ikkje i Time. Auken frå 2 til 7 kandidatar i Hjelmeland er langt betre enn målsettinga. Auken i Sauda frå 5 til 9 er spesielt bra når ein tek omsyn til at også nivået er høgt.

Time har på den andre sida den langt beste representasjon av denne aldersgruppa i 2007 og ligg også høgre enn høgre enn Hjelmeland i 2011. Time har det same talet kandidatar i aldersgruppa ved baa vala, men det er likevel ein prosentvis auke på grunn av at det totale talet på listekandidatar har gått ned slik vi viste det i tabell 6.2.

Også i Rogaland auka talet på listekandidatar i denne aldersgruppa medan det faktisk er ein liten nedgang i landsmålestokk.

Som det er gjort greie for tidlegare, kan ein ut frå desse tala ikkje seie *definitivt* at det er prosjektet som forklarar auken i listekandidatar i denne aldersgruppa i Sauda og Hjelmeland. Ein vekst på 5 av 109 kandidatar i Hjelmeland og ein auke på 4 av 102 kandidatar i Sauda er godt innfor det som kan vere tilfeldige variasjonar eller variasjonar som skriv seg frå andre påverknadskjelder enn dette prosjektet. Særleg med tanke på at det er ein vekst også i resten av Rogaland og at nivået i desse tre kommunane berre ligg omtrent på snittet for heile fylket, er det ikkje usannsynleg at talet på listekandidatar kunne ha vore det same i den kontrafaktiske situasjonen. Likevel veit vi konkret at kandidatar kom inn på listene som resultat av prosjektet. Det er derfor grunn til å rekne med at auken i Hjelmeland og Sauda skriv seg frå Mot til å meina. Det er grunn til å tru at det er prosjektet som ligg bak måloppnåinga i desse to kommunane.

### Delmål 3: Dobling av talet på kommunestyrerepresentantar

Talet på kommunestyrerepresentantar har stått fast frå valet i 2007 til valet i 2011. Time har fleire representantar enn dei to andre kommunane og skulle også ut frå det ha fleire i målgruppa 18-26.

Tabell 6.4: Kommunestyrerepresentantar totalt i dei tre kommunane, 2007 og 2008

Kommunar	2007	2011
Hjelmeland	19	19
Time	27	27
Sauda	19	19

Kjelde: SSB

Tabell 6.5 viser at Hjelmeland ikkje fekk nokon kommunestyrerepresentant under 26 år ved kommunevalet i 2007. Målsettinga om dobling av talet på kommunestyrerepresentantar skulle derfor ha vore formulert på ein annan måte for denne kommunen. Time og Sauda hadde 1 kommunestyrerepresentant kvar i 2007. Delmålet om dobling av talet på representantar blir vanskeleg å operasjonalisere på kommunenivå i og med at det dobbelte av 0 representantar (Hjelmeland), framleis er null.

Hjelmeland fekk 1 kommunestyrerepresentant under 26 år ved valet i 2011. Time mista den eine representanten dei hadde og Sauda auka frå 1 til 2.

Tabell 6.5: Representantar under 26 år i kommunestyra og i Rogaland og landet. Absolutte tal i parantes

	2007	2011	Mål: dobling
Hjelmeland	(0) 0%	(1) 5.3%	Ja
Time	(1) 3.7%	(0) 0%	Nei
Sauda	(1) 5.3%	(2) 10.5%	Ja
Rogaland	3.4%	6.7%	Dobling
Norge	4.1%	6.1%	

Kjelde SSB

Delmål 3 vart ei lita ”flause” i Time kommune. Kommunen er størst og med 27 representantar er det dårleg rekruttering å ikkje ha ein einaste representant under 26 år. Sauda har i 2011 ein representasjon som ligg over både gjennomsnittet for Rogaland og landet, medan Hjelmeland (og sjølv sagt Time), ligg under.

*Delmål 3 er ikkje nådd i Time kommune og delmålet er heller ikkje nådd for dei tre kommunane samla. Det er berre Sauda som når dette delmålet, men her er resultatet framifrå også når ein samanliknar med fylket og landet.*

#### Hovudmålet: Auke oppslutnaden ved valet, aldersgruppa 18-26 år

Vi kan oppsummere med at auken i valdeltakinga (delmål 1) var tilfredsstillande totalt sett i dei tre prosjektkommunane slik måla vart presentert i prosjektet.

Resultatet var imponerende i Sauda. Dersom vi går ut frå at det var ein auke på ca 10% i valoppslutninga i heile landet i denne målgruppa, er framleis resultatet godt også i Time. Derimot er ikkje målet nådd for Hjelmeland dersom vi omformulerer suksesskriteriet slik at prosjektkommunane skal ha 10 prosentpoeng høgare valdeltaking enn kommunar som ikkje er med i prosjektet.

Dei to andre delmåla er berre delvis nådd og det er uklart om ”suksessen”, og mangel på suksess, i enkeltkommunane skriv seg frå prosjektet. Dette gjeld spesielt talet på listekandidatar. Sjølv om dette er uklart, er resultatata så samanfallande på alle dei tre delmåla i Sauda kommune at det ser ut til at det er i denne kommunen prosjektet har lykkast best og truleg har hatt innverknad slik at også hovudmålet er nådd.

Tabell 6.6: Listekandidatar og kommunestyrerepresentantar (i parantes ).

Kommunar	2007	2011
Hjelmeland	(0) 2	(1) 7
Time	(1) 15	(0) 15
Sauda	(1) 5	(2) 9

Kjelde SSB

I denne tabellen har vi sett saman talet på listekandidatar og kandidatar valt inn i kommunestyret. Da ser vi det noko påfallande resultatet at Time kommune ved baa vala har både relativt og absolutt flest listekandidatar, men færrest innvalde. Dette kan forklarast på to måtar, enten

- at Time brukar ungdomskandidatar som listefyll (langt nede på lista), eller
- at ungdomskandidatane i mindre grad enn andre får personstemmer og slengarar, altså at dei blir nedprioritert av veljarane

Det er kanskje ein liten tendens til dei same mekanismane spesielt i Hjelmeland. Veksten frå 2 til 7 listekandidatar gav berre val av 1 kommunestyrerepresentant. Sauda kjem også best ut i tilhøvet mellom listekandidatar og valte.

### Resultat utanom målsettingane

Eit prosjekt kan oppnå positive og negative effektar av aktiviteten sin gjennom to hovudmekaniskar

- tiltak/ verkemiddel som ikkje er målretta
- indirekte effektar av målretta tiltak

Eg skal trekkje fram nokre viktige døme på at dette prosjektet har hatt verknader ut over dei måla som er sett opp. Døma er henta frå systematiseringa i kap 3.

### Konferansane

Dei to store landskonferansane (Stavanger første halvår 2010 og Oslo første halvår 2011) er døme på ressurskrevjande tiltak som i liten grad retta seg mot målgruppa, veljarar under 26 år i dei tre kommunane. Derimot var konferansane utmerka tiltak på nasjonalt nivå. Dei 20 kommunane som prøvde ut 16 års aldersgrense var invitert og konferansane hadde klare spreingseffektar til desse kommunane. Også KRD var invitert til konferansane og deltok. Ein må rekne med at kunnskapen dei tileigna seg vart brukt til dømes i styringa av 16-årsprosjektet. Spreingseffektane var ikkje berre knytt til spreing via deltakarane på konferansen, men også – og ikkje minst: gjennom regional og nasjonal mediedekning.

### Skulesatsinga

Hovudsatsinga i prosjektet var retta mot skulane, spesielt vidaregåande skule. Kjernegruppa var rekruttert frå vidaregåande og vidaregåande skular var også arena for samlingar der alle elevane både derfrå og frå ungdomsskulen var invitert og deltok. Ikkje minst utarbeidde prosjektet sitt pedagogiske opplegg for unge si rolle i lokaldemokratiet, også dette retta mot – og tilpassa – vidaregåande skule.

Denne storstilte skulesatsinga retta seg i liten grad mot målgruppa. Berre 18 og til dels 19-åringane vart ”treft” av satsinga. Gjennom at også

ungdomsskuleelevar var invitert til samlingane vil intenderte effektar av prosjektet først slå ut ved framtidige val.

### Førstevalet.no

Utan prosjektet Mot til å meina, ville ikkje Førstevalet.no sett dagens ljøs. Prosjektet vart finansiert, men ikkje fullfinansiert både gjennom bruk av pengar frå prosjektet og gjennom tilleggsfinansiering som prosjektleiinga skaffa.

Førstevalet.no var treffsikkert i høve til målgruppa for prosjektet og sannsynlegvis ein hovudkanal til å nå den delen av målgruppa som verken gjekk på vidaregåande skule eller budde i kommunen (først og fremst studentar).

Samstundes som prosjektet var treffsikkert i høve til målgruppa i prosjektet, var det også eit tiltak som alle i heile landet kunne nytte seg av.

Ungdomspartia tok det i stor grad i bruk og det er grunn til å tru at dei indirekte effektane er større enn dei direkte i den forstand at prosjektet mobiliserte fleire unge i resten av landet enn i prosjektkommunane.

Førstevalet.no er så vidt eg kjenner til ein innovasjon. Det er ein innovasjon som hadde ein spreingseffekt allereie under denne valkampen. Det er viktig at departementet tek eit spesielt ansvar for å vurdere om dette er noko å satse på i framtida.

### Mediesatsinga generelt

Prosjektet Mot til å meina har som eit generelt kjenneteikn ei sterk satsing på media for å nå måla. Dette er ei satsing som er målretta i høve til å få fleire til valurnene, men som berre har indirekte verknader i høve til dei to andre delmåla i prosjektet.

Mediesatsinga har nesten utan unntak det kjenneteiknet at tiltaka også når andre enn dei unge i prosjektkommunane. Spesielt er det fleire kanalar i denne mediesatsinga som spesielt når det vi kan kalle ”Nynorsk-Noreg”. Det gjeld til dømes landslaget for nynorsk kommunar (LNK), formidling gjennom nettstaden Magasinett og bruken av Framtida.no på Startsidea.

Også den meir ”tradisjonelle” satsinga på aviser har som kjenneteikn at både lokal- og regionavisene har større nedslagsfelt inn prosjektkommunane. Det same gjeld sjølv sagt bruken av radio og fjernsyn.

### Kjernegruppestrategien

Kjernegruppa har i løpet av prosjektperioden gjennomgått noko som nærmar seg ei ”eliteopplæring” innan politisk mobilisering. Ein del av opplæringa har vore langt meir allmenn enn det som er umiddelbart ”nyttig” for å nå målsettingane i dette prosjektet.

Ei viktig grunngeving for kjernegruppestrategien var at kjernegrupped medlemmane skulle vere ambassadørar inn i ungdomsmiljøa og målgruppa. Tanken var at dei unge kommuniserer best med dei unge.

Det er grunn til å tru at dei langsiktige effektane er viktigare enn dei kortsiktige verknadene av den ressurstilføringa som personane i denne kjernegruppa har fått. Dei har fått ei ”leiarutdanning” som truleg vil motivere fleire av dei til ein innsats lengje framover. Ved seinare val vil dei vere i den aldersgruppa som det er vanskelegast å få til valurnene. Dersom dei framleis er ambassadørar om to og fire år, vil det ha effektar overfor jamaldringar som historisk har lågast valdeltaking.

### Oppsummering.

Prosjektet Mot til å meina er kjenneteikna av mange tiltak som er lite målretta når ein ser på måla i snever meining: altså målsettingar retta mot ungdomar mellom 18-26 år i tre prosjektkommunar. Ein del av tiltaka er kjenneteikna av ønske om å spreie kunnskap til heile landet i løpet av prosjektperioden (t.d. dei nasjonale konferansane). Andre tiltak har det kjenneteiknet at dei enten ikkje kan avgrensast geografisk og i høve til målgruppene, eller at det ikkje medfører ekstra kostnader å gjere tiltaka tilgjengelege ut over prosjektkommunane og målgruppene.

Vurdert som samfunnsutvikling er det viktig å få med desse langsiktige og indirekte verknadene av prosjektet.

## Kap. 7. Etterpåklokskap: Læring og konsekvensar for framtidige prosjekt

### Kva kunne ha vore gjort annleis?

Eg forstår det slik at hovudmålet med denne sluttevalueringa er å sjå om det er mogleg å trekkje ut erfaringar for framtida. Departementet er *gjengangar* som finansiør av nærslekta prosjekt og har eit spesielt behov for å akkumulere kunnskap. Kommunane kan vere eingangarar, men også prosjektkommunane og andre har brukt mykje pengar på prosjektet og kan vere interessert i om det er måtar å føre element frå prosjektet vidare på slik at målsettingane for prosjektet kan realiserast ved seinare skuleval. Framfor alt, og ikkje minst: andre kommunar kan vere interessert i å få del i erfaringar frå dette prosjektet for å kunne iverksette tiltak overfor målgruppa i seinare kommuneval. Delar av prosjektet har også framtidig læringseffekt for andre, ikkje minst for dei politiske partia

Prosjektet ser ut til å ha lykkast best med å få opp valdeltakinga for målgruppa. I to av dei tre kommunane er det meir usikkert om prosjektet har hatt avgjerande innverknad på dei to andre måla for prosjektet, talet på listekandidatar og talet på kommunestyrerepresentantar. Det er likevel sannsynleg at auken i listekandidatar (delmål 2) i to av kommunane skriv seg frå prosjektet. Sjølv om prosjektet har hatt ein positiv verknad også på dei to siste måla, er måla ikkje fullt ut nådd.

Prosjektresultata kan også summerast opp på ein annan måte. Prosjektet har hatt tvillaus suksess med omsyn på måloppnåing i ein av kommunane (Sauda). I dei to andre kommunane er måloppnåinga slik at det tenkeleg med same resultat også i den kontrafaktiske situasjonen at prosjektet ikkje hadde vore gjennomført.

Framfor alt er det sterke argument for at måloppnåinga har vore så kostbar at det er meir eller mindre utenkjeleg at dette kan brukast som allmenn læring for framtida.

Denne evalueringa vil oppsummere følgjande område som framtidige prosjekt kan lære av

### Mål – Middel:

Det er viktig med godt samsvar mellom mål og verkemiddel (tiltak). Dette har fleire dimensjonar:

- det må vere minst eit verkemiddel for kvart mål
- alle måla bør formulerast eksplisitt
- verkemidla bør virke mest mogleg direkte
- målgruppa må avgrensast og spesifiserast
- mål-middel må ha eit tidsperspektiv

	Direkte tiltak	Indirekte tiltak
Eksplisitte mål	I	II
Implisitte mål	III	IV

Figur 7.1 Direkte og indirekte tiltak retta mot eksplisitte og implisitte mål

Prosjektet er kjenneteikna av at det eksisterer mål som ikkje er eksplisitt formulert. Dette fører til at prosjektet får dårlegare mål-middel evaluering enn om ein i prosjektformuleringsfasen hadde sytt for å gjere dei *implisitte målsettingane eksplisitte*. Det er heilt klart frå tiltakslista at dette prosjektet hadde som mål å bidra til å auke valdeltakinga blant unge i heile landet, ikkje berre i dei tre prosjektkommunane.

Her gjennomførte prosjektet gode og vellykka tiltak som dei ikkje blir kreditert for i ei snever mål-middelanalyse.

Prosjektet er også kjenneteikna av tung satsing på indirekte tiltak i høve til direkte tiltak. Det er lite direkte tiltak inn mot både partia og nominasjonsprosessane og det å påverke kven som kjem inn i kommunestyret etter at nominasjonslistene er sett opp. Heile kjernegruppestrategien er eit indirekte tiltak der heile suksessen er avhengig av spreingseffekten frå kjernegruppa til heile målgruppa.

	Valdeltaking kort sikt (2011)	Valdeltaking lang sikt
Avgrensa målgruppe	I	II
Utvida målgruppe	III	IV

Figur 7.2 Avgrensing av målgruppe og kortsiktige versus langsiktige verknader

Figur 7.2 illustrerer behovet for avgrensing av målgruppe og, i dette tilfelle, skilje mellom kortsiktige og langsiktige verknader. Målgruppa slik prosjektet formulerer det er mellom 18 og 26 år, men den store satsinga på vidaregåande skular inkludert også til ein viss grad ungdomsskulen, retta seg mot langt yngre ungdom. Målsettingane er berre kortsiktige, knytt til valet i 2011, men for store delar av den målgruppa som prosjektet i praksis retta seg mot, er det først ved vala i 2013, 2015 og 2017 vi kan vente å sjå resultata!

Vi kan knyte desse to figurane til dei målsettingane i prosjektet:

- Samsvaret mellom mål og tiltak er best når det gjeld målsettinga om auka valdeltaking. Det er gjennomført mange og gode tiltak for å få opp valdeltakinga. Her ser det også ut til at prosjektet har oppnådd størst suksess. Også når det gjeld målsettinga om å få opp valdeltakinga gir prosjektet kunnskap om kva som kunne ha vore gjort annleis. Det vi i ettertid ser, er at det er gjennomført for lite målretta tiltak for å nå ungdomen som har røysterett i kommunen, men som ikkje lenger bur der. Dette er i stor grad ungdom mellom 19-20 og 26 år som er studentar. På den andre sida er det sett inn tiltak overfor det vi har kalla ei utvida målgruppe (ungdom som ikkje har røysterett) og som vil kunne få positiv verknad på lang sikt (fig 7.2)

- Den andre målsettinga var å få fleire ungdomskandidatar inn på vallistene. Det er partia (eventuelt andre listeeigarar som by- og bygdelister) som normalt fullt ut har styring med, og kan påverke, oppsetting av listene. Prosjektet har i for liten grad kopla seg direkte til partia. Ei sterkare kopling til partia kunne ha vore gjort på fleire måtar. Her er målsettinga eksplisitt, men tiltaka for indirekte (fig. 7.1). Vi har peikt på kva som kunne ha vore gjort annleis:

- Eksempelvis kunne styringsstrukturen i prosjektet hatt partideltaking. Eit døme er at prosjektet kunne ha etablert eit råd med representantar for dei 3 største partia i kvar av kommunane, ideelt sett med personar som har ei sentral rolle i nominasjonsarbeidet

- Gitt bruk av kjernegruppe, er det argument for at kjernegruppa kunne ha vore samansett av representantar for ulike parti. På den måten kunne det ha vorte ei direkte kopling mellom personar i kjernegruppa og nominasjonsprosessen i det ein skilde partiet.

- Den tredje målsettinga, å få fleire inn representantar frå målgruppa inn i kommunestyret, er sterkt knytt til graden av suksess for delmål nummer 2. Utan kandidatar på listene, heller ingen inn i kommunestyret. Det er eit spørsmål til drøfting om dette burde delast opp i to målsettingar i og med at dei er knytt så sterkt i hop. Dersom målsettinga om å få ungdom inn på vallistene også er operasjonalisert som målsetting om t.d. minst 1 ungdom på kumulert plass, blir målsetting tre i praksis oppfylt gjennom målsetting to.

Når først listene er sett opp, er det ikkje tilstrekkeleg å få ungdomen til valurnene for å nå det siste delmålet. Da må ungdomen mobiliserast til enten å krysse av ungdomskandidatane (gje dei personstemmer) eller å skrive inn ungdomskandidatar frå andre lister (slengarar). Dersom partia ikkje har sikra seg full partistyring gjennom kumulering av alle listekandidatar som kan kome inn i kommunestyret, viser erfaringar at slike organiserte aksjonar kan vere svært effektive. Eldre veljarar er orienterte om slike moglegheiter og det ville ha vore viktig at prosjektet i alle fall gav ungdomen orientering om denne moglegheita for å påverke personvalet.

### Budsjett som styringsreiskap

Det er alltid eit spørsmål kor sterkt eit slikt prosjekt skal programmerast på førehand. I eigenevalueringa (Schibevaag 2011) blir det lagt vekt på at dei

unge, via kjernegruppa, skulle ha store moglegheiter til å påverke og prioritere undervegs.

Likevel er det argument for også å knyte budsjettet opp mot målstrukturen. Ein kunne altså ha brukt ein variant av ei mål-middel matrise til å sette inn kronebeløp for aktivitetane. Eksempel på kva ein ville ha oppnådd med dette, er at behovet for også å fordele kostnadene til prosjektleiing og sekretariat på tiltak. Dei reelle kostnadene med ulike tiltak går ikkje fram slik budsjettet er sett opp nå.

Dette blir enda klarare om ein samanliknar budsjett og rekneskap. Det er mange og store avvik. Det er ikkje rart i seg sjølv, men oppsettet gjer at det er vanskeleg å sjå og evaluere kva for aktivitetar som har vist seg å avvike frå budsjettering av opphavlege planar.

### Kjernegruppestrategien

Det kanskje viktigaste å trekkje lærdom av frå dette prosjektet, er kjernegruppestrategien. Kjernegrupper kan ha fleire roller og funksjonar. Tre av desse er:

- Prosjektutvikling
- Kunnskapsspreiing
- Agentar

Ulike roller og funksjonar kan stille ulike krav både til optimal samansetting av gruppa og til storleik på gruppa.

Kjernegruppa i dette prosjektet fekk ei klar prosjektutviklingsrolle. Det var openbart eit heldig og godt grep. Prosjektleiinga forstått både som prosjektleiar og styreleiar var av foreldregenerasjonen. At ungdommen kunne kome med heilt vesentlege innspel i høve til å nå, og å mobilisere, til valdeltaking og aktiv politikk er openbart. Kjernegruppa fekk altså ein innovativ funksjon. Denne funksjonen gjekk både på å utvikle nye produkt og tenester og på prosess og informasjon / marknadsføring.

Det ein valte i dette prosjektet var også å gje kjernegruppa tung ”utdanning”. Dette skjedde gjennom besøk og opplæring i medium (aviser, TV2) og i politiske beslutningsorgan, også andre politiske arenaer enn dei mest relevante for kommunevalet (eks Minitinget). Kjernegruppemedlemmane fekk også opplæring og praksis i skriving, i å halde innlegg, i møteleiing osv.

Den kompetansen som kjernegruppa fekk på denne måten skulle brukast til å nå målsettingane med omsyn til målgruppa 18-26 år, altså dei to andre funksjonane i kulepunkta ovanfor, kunnskapsspreiing og agentfunksjonen. Den store tilføringa av kunnskap til kjernegruppa er nesten utan verdi for måloppnåinga dersom den enkelte ikkje blir sendt ut som ”agent” for å drive kunnskapsspreiing. Prosjektet tok høgde for dette, og målsettinga var at kjernegruppemedlemmane skulle ha desse funksjonane ved å skrive lesarinnlegg osv. Spørsmålet er om det totalt sett vart for mykje. Samlingane

og andre aktivitetar knytt til kjernegruppa var tidkrevjande i seg sjølv og spørsmålet er om tid og motivasjon strokk til.

Viktigast i høve til desse funksjonane og rollene er likevel samansettinga av kjernegruppa. Kjernegruppemedlemmane var ikkje valt ut fordi dei hadde spesielle føresetnader for å spreie kunnskap og aktivitet inn i dei maktorgan som avgjorde nominasjonane i partia. Dei var heller ikkje valt ut fordi dei også var aktive i andre medlemsorganisasjonar som kunne brukast som spreingsarena. Framfor alt: dei var valt ut primært for å vere agentar i høve til 18/19-åringane, ikkje resten av målgruppa.

Oppsummert: kjernegruppestrategi kan vere eit godt grep, men kor godt dette grepet er, er heilt avhengig av samansettinga av kjernegruppa. God samansetting av kjernegruppa er naudsynt, men ikkje tilstrekkeleg: skal kjernegruppe vere eit godt organisatorisk grep, må prosjektet ha ein klart gjennomtenkt spreingsstrategi: Det som kjernegruppa får, skal heile målgruppa ha.

### Prosjektorganisasjonen

Det som er skriva så langt om tilhøvet mellom mål og tiltak/ verkemiddel og kjernegruppestrategien har nær samheng med organiseringa av prosjektet. I og med at dei politiske partia i dei tre kommunane har ei så viktig rolle for å nå to av måla, skulle ein ha funne ein eller annan plass for dei i prosjektorganisasjonen. Eg har nemnt eit råd som ein mogleg måte å gjere det på. Også samansettinga av kjernegruppa kunne ha bygd på partipolitisk representasjon.

Det kunne også ha vore vurdert ein meir desentralisert organisasjon av den typen vi har hatt i dei kommunane som har prøvd ut 16-års aldersgrense. Prosjektet kunne altså ha vore organisert med ei prosjektleiing i kvar kommune og ein kommunetilpassa prosjektorganisasjon som støtte for prosjektleiinga. Ei slik organisering ville kunne fremja sterkare kommunalt eigarskap til prosjektet og større ansvarleggjering av partia til dømes i nominasjonsprosessane.

Ei slik organisering ville på den andre sida ha vore meir ressurskrevjande og det ville verken ha vore økonomi, kompetanse eller kapasitet til å arrangere store konferansar og store prosjekt som det pedagogiske opplegget for skulen og Førstevalet.no

Prosjektleiinga til Mot til å meina var lagt til Garborgsenteret. Det viste seg at prosjektet var så avhengig av kompetansen til ideskaparen, prosjektet sin entreprenør, at styret bestemte at han framleis skulle ha prosjektleiingsansvaret da han slutta på Garborgsenteret. Dette var ei pragmatisk løysing. Lærdomen av dette er likevel at prosjektorganisasjonar bør designast slik at dei i minst mogleg grad blir personavhengige. I så langvarige prosjekt må ein ta høgde for at nøkkelpersonar av ulike grunnar ikkje kan fullføre arbeidet og da bør det vere ei organisering som gjer at prosjektet kan førast vidare med eit anna leiarskap.

## Oppsummert

Eit hovudkjenneteikn ved *Mot til å meina* er at det er mange store tiltak som ikkje er direkte relatert til målsettingane i prosjektet i det heile teke. Dei nasjonale konferansane er det største dømet på dette. Måla er altså imlisitte (fig. 7.1)

Eit anna kjenneteikn er tiltaka/ verkemidla kunne ha vore meir direkte innretta mot formålet. Dette gjeld spesielt den ”armlengds” avstanden som prosjektet har til partisystemet, det systemet som sit på nøkkelen til å lykkast med to av målsettingane. Døme på dette er at politisk deltaking gjennom utanomparlamentariske aktivitet har stått sentralt gjennom å bruke Hardangeraksjonen (kampen mot kraftlinjer) som gjennomgåande døme på ungdommeleg engasjement.

Eit tredje kjenneteikn er at tiltaka/ verkemidla i liten grad har vore retta mot heile målgruppa. Dei fleste tiltaka har berre treft dei yngste, spesielt elevane på vidaregåande skule.

Ei oppsummering av mål – middelanalysen er at det bør utviklast eit prosjektstyrings-/ prosjektevalueringsverktøy som kan brukast allereie når departementet og andre set i gang eit prosjekt. Det ser ut til å vere ein framgang om verktøyet er heilt enkelt, til dømes ei mål – middelmatrise av følgjande type:

	Mål 1: Høgre valdeltaking	Mål 2: Fleire unge på listene	Mål 3: Fleire unge i kommunestyret	Mål ?: Ikkje formulerte
Eks.				
Tiltak: Førstevalet.no	X	?	?	
Tiltak: Nasjonale konferansar	?	?	?	Spreiing av kunnskap til andre kommunar

Figur 7.3: Eks på samanheng mellom mål og tiltak brukt i planleggings-/ budsjetteringsfasen

I ein slik matrisestruktur vil ein kunne skilje mellom direkte verknader av eit tiltak og eventuelle indirekte verknader. Tiltak bør sjeldan realiserast dersom det berre kan påvisast meir eller mindre usikre indirekte verknader. I matrisa over har vi berre brukt to av tiltaka i prosjektet som døme. Oppsetting av ei slik matrise vil kunne klarleggje heilt openberre manglar på samsvar mellom mål og verkemiddel.

Vel så viktig er det at matrisa vil hjelpe til å få fram i lyset om det er imlisitte målsettingar i prosjektttenkinga som ein har ”gløymt” å operasjonalisere. Når departementet ”fall for” dette prosjektet og var villig til å bruke så mykje pengar på eit prosjekt i tre kommunar, er det nokså openbart at prosjektdesignet som inkluderte nasjonale konferansar og andre spreingsmekanismer (t.d. via media) til heile landet. Desse tiltaka var godt synlege i prosjektsøknaden. Prosjektet skulle altså også hatt minst ei eksplisitt målsetting om spreiring av kunnskap til andre kommunar i løpet av prosjektperioden.

\*\*\*

Prosjektet Mot til å meina har eit budsjett på i overkant av 4 millionar. Sjølv om målsettingane slik dei var formulert i prosjektsøknaden hadde vorte nådd fullt ut, ville dette etter mitt syn vere eit lite kostnadseffektivt prosjekt.

Prosjektet kan først og fremst forsvarast og forklarast gjennom den læringa og erfaringa som kan spreias til resten av landet. Prosjektet hadde godt synlege spreingsstrategiar (som dei nasjonale konferansane), oppkoplinga mot LLA, Framtida.no og Magasinett. Undervegs vart det utvikla nye spreingstiltak (spesielt Førstevalet.no). Problemet med sjølve prosjektdesignet var at det ikkje vart knytt målsettingar og ambisjonar til spreingstiltaka.

Det er desse spreingstiltaka som gjer at prosjektet økonomisk kan forsvarast også på kort sikt. Dei langsiktige effektane er kanskje likevel dei viktigaste, eller dei *kan bli* dei viktigaste.

- Erfaringane frå det pedagogiske opplegget kan til dømes brukast som plattform for å utarbeide eit pedagogisk opplegg for heile landet ved neste kommuneval
- Førstevalet.no kan danne basis for framtidig strategisk bruk av sosiale medium osv.

KRD kan kople saman erfaringane med organiseringa av 16-årsprosjektet i dei 20 kommunane og Mot til å meina. På det grunnlaget kan det byggast framtidige modellar for å mobilisere unge til urnene.

Internt i kommunane er det eit kjenneteikn ved prosjektet at det i større grad var retta mot ungdom under 18 år enn ungdom over 20. Det er spennande å sjå om den prosjektet fører til høgre valdeltaking i desse kommunane i seinare val. Ein skal heller ikkje utelukke at læring frå prosjektet gjer ungdom meir kompetente til å oppnå sikker plass på nominasjonslistene ved komande val. Ein bør ha erfaring frå politikk og partiarbeid før ein blir folkevalt. Slik erfaring rakk ikkje dei ungdomane som vart mobilisert i dette prosjektet å få.

## Litteratur

- Bäck, H., Offerdal, A. og Aars, J. (2005) ”Partikommunens oppgåang og fall”, i Demker og Svåsand (red) *Partiernars århundre*, Santerus Förlag.
- Bjørklund, T. (2002) ”Den stadig synkende deltakelsen ved lokalvalg – noen årsaker og konsekvenser”, i Aardal, B. (red) *Valgdeltagelse og lokaldemokrati*. Kommuneforlaget.
- Enjolras, B. og Bock Seegaard, S. (2011) *Ungdomens politiske bruk av sosiale medier*, Institutt for samfunnsforskning, Rapport 2011: 6.
- Fauske & co (2009). Ungdoms fritidsmiljø. Ungdom, demokratisk deltagelse og innflytelse. Utredning fra ekspertgruppe nedsatt av Barne- og likestillingsdepartementet januar 2008.
- Fauske, Halvor (2011): *Ungdom – et historisk perspektiv*. Lillehammer: Høgskolen i Lillehammer . Vedlegg til NOU 2011: 20.
- Franklin, A (2004) ”The Case for Votes at 16”. *Representation*, 41.
- Johansen, L. (1971) Planlegging og spill, i: *Økonomi og politikk*. Aschehoug.
- Hasluck, C. (1987) *Urban unemployment*, Longman, Harrow.
- Knudtzon, L. og Tjerbo, T. (2009): *De unge stemmene. Innflytelsesorgan for barn og unge i kommuner og fylker*. Norsk institutt for by og regionforskning.
- Heidar, K. og Saglie, J. (2002) *Kva skjer med partiene?* Gyldendal Akademisk.
- NOU 2003: 19 *Makt og demokrati. Sluttrapport frå Makt og demokratiutredningen*. Arbeids- og administrasjonsdepartementet.
- NOU 2004: 2 *Effekter og effektivitet. Effekter av statlig innsats for regional utvikling og distriktpolitiske mål*. Kommunal og regionaldepartementet.
- NOU 2006: 7 *Det lokale folkestyret i endring? Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken*, Kommunal og regionaldepartementet.
- NOU 2011:20. *Ungdom, makt og medvirkning* (Torgersenutvalet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet).

- Schibevaag, E. (2011) ”MOT TIL Å MEINA”. I regi av kommunane Hjelmeland, Sauda og Time. Gjennomført i perioden 2008 – 2011. RAPPORT. Bryne, desember 2011.
- Schumpeter J.A. (1934) *The Theory of Economic Development*. Cambridge Mass.: Harvard University Press
- St. meld. Nr. 33 (2007-2008) *Eit sterkt lokaldemokrati*. Kommunal og regionaldepartementet.
- Teigen, H. (2004 A) *Kollektivt entreprenørskap; eit alternativ også for framtida?* Tapir (red. P. Arbo og H. Gammelsæter)
- Teigen, H. (2004 B) *Verkar distriktpolitikken? Ei metaevaluering av bedriftsretta insentiv*, Tapir. (red. R. Amdam og O. Bukve)
- Ødegård, G. og Bergh, J. (2011) *Unge i tradisjonell politikk. Deltagelse i val, kommunestyre og partier*. Institutt for samfunnsforskning, vedlegg NOU 2011: 20.
- Ødegård, G. og Aars, J. (2011) *Ungdom, valgdeltagelse og stemmerett. En kunnskapsoversikt*. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, Rapport 2011:4

## Vedlegg I

### Førebels gjennomføringsplan

#### *Førebels gjennomføringsplan*

Gjennomføringsplanen og grunnlaget for økonomien prosjektet har lagt opp til, er førebels. Truleg vil planen bli justert, nye prosjektidear vil koma til og andre vil bli justerte. Framdriftsplanen er delt opp i halvårlege driftsfasar. Me er særleg opptekne av at dei unge sjølve skal vera med og styra denne utviklinga.

Møte for brukarpanel er ikkje teke inn i planen, men ein til to gonger per halvår bør panelet koma saman. Dette vil litt avhengig av kor mange møte det vil vera ved den einskilde skule per halvår. Målet er at elevane langt på veg skal engasjerast til å driva aktivitetane lokalt for å skapa engasjement.

Styringsgruppa har møte når det er turvande.

Gjennom heile prosjektet vil me nytta medlemmer i brukarpanelet til å starta opp og delta i debattar på "borgarnettet". Dette for å få til eit engasjement slik at valet i 2011 blir ein "snakkis" mellom dei unge, ikkje berre regionalt, men over heile landet. Etter kvart som prosjektet skir fram vil me skape debatt om viktige saker under valførebuinga og fram mot sjølve valet. Dette kan vera aktuelle saker me ynskjer at unge menneske skal ta stilling til, og kanskje endå meir, saker som får konsekvensar for dei når dei blir eldre.

Generelt blir alt me gjer gjennom prosjektet gjort synleg gjennom organisasjonane sine kanalar, slik at dette blir fanga opp og gjort tilgjengeleg for alle som driv med valarbeid fram mot valet i 2011.

#### *2. halvår 2008*

- Førebuande arbeid

Prosjektutdjuping og møte med aktuelle samarbeidspartar, som LNK, LNU, Fagforbundet, Norsk Redaktørforeining.

- Oppstartsamling

I løpet av kort tid, i november/desember 2008, blir det gjennomført eit oppstartmøte der styringsgruppa, i lag med spesielt inviterte, drøftar endeleg framlegg til innhald og framdrift for prosjektet ut frå søknaden.

#### *1. halvår 2009*

- Forskingsinstitusjon

Forskingsinstitusjon som skal følgja prosjektet blir peikt ut og trekt inn. Aktuelle her er m.a.

- Guri Ødegård, Enova
- Guri Mette Vestby, NIBR
- Halvor Fauske, Høgskolen Hedemark (Einar - sjekk denne)

Alternativt vil me og vurderer å trekkja inn eit aktuelt studentmiljø som kan tenkja seg å gjennomføra dette prosjektet som del av studia sine.

Dersom eit forskingsmiljø blir trekt inn, blir dei bedne om å gi pris på arbeidet. Me sere for oss ei løpande evaluering av prosjekt, og ei totalevaluering til slutt.

- Oppstartsamling for panelgruppe

Desse skal ha ei felles samling, først i Oslo der Minitinget inngår. Vidare påfyll av unge folkevalde, kunnskap om media og offentleg sektor og å nytta nettet i kommunikasjonen med målgruppa (veljarar under 26 år).

- Nettløysingar – informasjon

Prosjektet si nettløysing skal vera oppe å gå. Prosjektfaldar blir presentert elektronisk og trykt for å sikre overføringsverdi til alle kommunar/fylke, ungdomsskular, vidaregåande skular og lokalaviser.

Nettstaden skal vera ein prosjektplass der alt tilgjengeleg informasjon og tilbod blir presentert. Det same gjeld kva som vil skje i prosjektet framover i tid.

Nettløysingar skal knytast sterkt opp til samarbeidspartane sine nettløysingar slik at me får gode overføringsverdiar av prosjektet.

Stad for borgarjournalistikk på nett blir etablert på aktuell nettstad. Opplæring i borgarjournalistikk blir gitt brukarpanelet. Siktemålet er å nytte desse som igangsetjarar og innspelarar i debatten for å få til ein levande politisk diskusjon.

Det blir utarbeidd ein plakat med følgjeinformasjon som presenterer og minner om prosjektet. Denne går til valansvarlege på skular og til media med sikte på å kjenne igjen prosjektet etterkvart som tiltaket skir fram.

- Erfaringsinnhenting

Å hente inn erfaringar frå andre land og regionar som har forsøk med å setje ned aldersgrensa for å røyste, tiltak som er gjort og korleis dei har retta inn arbeidet på bakgrunn av den kunnskapen dei sit på.

Vidare hente inn erfaringsmateriale for å få fleire kvinner med i politikken og anna organisasjonsliv. Er det overføringsverdi til prosjektet vårt?

- Valstyra/partia

Samling for partia i kommunane og fylket som er med, for å informera og klargjera måla for prosjektet med sikte på å utfordra til innsats.

- Samling for pedagogisk personale

Ei samling for lærarane som skal nytta fleire av dei tiltaka me vil setja i verk for å auka engasjementet. Informasjonsutveksling og kunnskapspåfylling slik at det pedagogiske personalet kan gjera undervisninga meir spennande i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

- Avissamling

Bruka det føreståande stortingsvalet til å setja fokus på den yngre veljargruppa i dekninga av valet. I tillegg til å informera om prosjektet.

Samlinga blir for media i Rogaland - i første rekkje.

- Ope debattmøte

Medlemmene i brukarpanelet blir utfordra til å laga ope debattmøte i sin kommune med sikte på å øve på planlegging og gjennomføring av ein debatt. Ved dette høvet stortingsvalet 2009. Heile klassen dei representerer og som indirekte er involvert i prosjektet skal vera med i førebuinga og sikre stor oppslutnad til møte. Gjennomføring aug/sep.

## *2. halvår 2009*

- Pedagogisk – lokaldemokratiet

Pedagogisk opplegg som set dei unge si rolle inn på den lokaldemokratiske arena, tilrettelagd for ungdomsskule og vidaregåande skule.

Kunnskap om lokaldemokratiet og lokaldemokratiet si rolle i høve til dei andre forvaltningsnivåa, og kva som skil partia frå kvarandre. Ikkje minst vil me gjera dei kjende med korleis politikken i kommunen/fylket er, og korleis dei som er unge kan påverka ved å delta i politiske prosessar.

Som ein del av prosjektet vil me fokusera på lesarbrevforma som ytringsform, og byggja opp under borgarjournalistikk-tilbodet med sikte på å få til engasjement omkring prosjektet for å få synergjar ut over landet.

- Stortingsvalerfaringar

Me vil kartlegge røystevanane i pilotkommunane spesielt og kommune-Noreg generelt for å hauste erfaringar frå deltakinga mellom målgruppa vår i valet med sikte på å nytta desse i det vidare arbeidet.

## *1. halvår 2010*

- Informasjonskampanje

Det blir utvikla ein kampanje som set fokus på at det er mindre enn eit år til nominasjonsmøta i partia, og minna om at dei unge må vera med. Unge må sikrast plass på listene slik at dei blir representerte i nominasjonskomité og på lister, og seinare at gruppa faktisk får plass i kommunestyret.

- Nasjonal konferanse

Ein eller to konferansar (Stavanger/Tromsø) som blir arrangerte i lag med samarbeidspartane for prosjektet. Siktemålet er å setja fokus på prosjektet og med det gi overføringsverdiar frå dette for å sikra større engasjement fram til komande kommune- og fylkestingsval.

- Møte med valstyra

Å sikra at valstyra har eit kontinuerleg arbeid som gjeld deltaking i lokalvala. Ikkje minst få fram at det er to val valdagen i september 2011.

- Kvifor skal eg bry meg

Samlingar i dei tre kommunane for elevane i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Kvifor skal eg engasjera meg. Brukarpanela i lag med prosjektleiinga har ansvar for gjennomføringa av desse samlingane.

## 2. halvår 2010

- Lokalavisa sin rolle i lokalavalkampen

Det blir gjennomført kurs for journalistar som set fokus på lokaldemokratiet, og kva og korleis ein kan byggja god kommune- journalistikk.

- Rettleiing for den unge veljaren

I samarbeid med brukarpanelet utarbeida ei eiga rettleiing for den unge veljaren. Kva demokratiet er, korleis påverka og korleis bruka tida fram til valet.

- Pedagogisk opplegg

Det blir utarbeidd pedagogisk opplegg som har som siktemål å læra dei unge korleis valet verkar, korleis ein kan påverka utfallet og korleis ein kan påverka samansettinga i dei folkevalde utvala slik at ein får eit ungt engasjement.

- Informasjonskampanje

I overgangen mellom 2010 og 2011 er det viktig å få ut informasjon knytt til nominasjonane, både redaksjonell omtale og i annonsesamanheng, for å sikre at unge blir med. Her blir det ekstra viktig å skape friske debattar.

Eigne informasjonspakkar for kommunane og media blir utarbeidd.

## 1. halvår 2011

- Nasjonal konferanse - Oslo

Prosentvis blir det færre unge veljarar og færre av desse brukar røysteretten. Korleis sikrar me (m.a. skular, partia, media) at denne gruppa får den rettmessige plassen på den folkevalde arena?

Målgruppe er dei som arbeider med unge, parti, media, kommune og fylkeskommune.

- Informasjonskampanjar

Det blir utarbeidd kampanjemateriell som lettfatteleg oppmodar dei unge til å nytta røysteretten og korleis dei kan påverka resultatet utover det å røysta.

Redaksjonelt materiell og annonser blir gjort tilgjengelege.

Det blir lagt opp til eit redaksjonelt stunt for å setja dagsorden for prosjektet utover nærområdet. Det same gjeld debatten som går på borgarnettverket.

Plakat med viktige datoar i valåret som utfordrar til deltaking blir sendt ut.

- Valstyra

Korleis legg kommunen opp til gjennomføring av valet.

Korleis redusere terskelen for å ha møte i vallokalet, sikra deltaking for studentar som er borte valdagen osv.

Her er brukarpanelet ein viktig ressurs.

- Korleis kan eg påverka

Samlingar i dei tre kommunane for elevane i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Tema: Korleis kan eg engasjera meg og påverka valet til hausten?” Brukarpanela i lag med prosjektleiinga har ansvar for gjennomføringa av desse samlingane.

## 2. halvår 2011

- Valkampduell

Brukarpanelet legg opp til, og gjennomfører valkampmøtet, med utspring i sin eigen kvardag. Er det i tillegg 16 års røysterett i kommunen kan ein og vurderer om det skal haldast eit eige møte der desse har regien, eller om ein skal slå det heile saman til eit folkemøte i dei tre kommunane der dei unge har regien.

Desse skal ha ei felles samling, først i Oslo der Minitinget inngår. Vidare påfyll av unge folkevalde, kunnskap om media og offentleg sektor, og å nytta nettet i kommunikasjonen med målgruppa (veljarar under 26 år).

Alle kommunar blir utfordra til å gjera det same.

- Få dei unge til vallokalet

Prosjekt som er utarbeidd med sikte på å få flest mogleg av dei unge til å bruka røysteretten sin, t.d. valdagen; minna dei om at i dag kan du påverka. Melding må sendast per tekstmelding.

- 1. møte

Det første møtet for dei nye unge med plass i kommunestyret – fylkestinget. Korleis sikra at desse får ei god mottaking gjennom (eventuelt) tilrettelagd folkevaldopplæring og i prosessen kring konstitueringa.

- Evaluering og sluttrapport

Sluttrapport med evaluering og økonomisk revidert oversyn blir levert finansieringsorganisasjonane primært innan årsskiftet

